

# Kulturminneplan

## Aukra kommune 2017-2020



**«Det folk som glemmer sin historie har ingen fremtid»**

*Henrik Arnold Wergeland, (1808-1845)*

Vedtatt av kommunestyret den 13.12.16, sak 110/16 (Ephorte dok. 13/73-34)

Handlingsdelen revidert den 13.12.18, sak 90/18

## Innhald:

<b>1</b>	<b>Innleiing.....</b>	<b>3</b>
1.1	Aukra kommune .....	3
1.2	Korleis lese planen .....	4
<b>2</b>	<b>Målsetting for arbeidet med kulturminneplan.....</b>	<b>5</b>
2.1	Kvifor vedta ein kulturminneplan? .....	5
2.2	Mål for kulturminnearbeidet i Aukra kommune .....	6
2.3	Regjeringa sine målsettingar på kulturminnefeltet.....	6
2.4	Juridiske verkemiddel .....	7
2.5	Økonomiske verkemiddel .....	7
2.6	Forarbeidet .....	7
<b>3</b>	<b>Kulturminnevern.....</b>	<b>9</b>
3.1	Kva er eit kulturminne?.....	9
3.2	Ivaretaking av kulturminne .....	9
3.3	Immaterielle kulturminne .....	10
3.4	Materielle kulturminne .....	11
3.5	Kulturmiljø.....	11
3.6	Automatisk freda kulturminne .....	11
3.7	Nyare tids kulturminne.....	12
<b>4</b>	<b>Aukra kommune i historisk perspektiv.....</b>	<b>13</b>
4.1	Steinalder (9000-1800 før Kr.).....	13
4.2	Bronsealder (1800-500 før Kr.).....	13
4.3	Jernalder (500 år før Kr. – 1000 år etter Kr) .....	14
4.4	Mellomalder (1000 -1537 etter Kr.).....	14
4.5	Nyare tid (1537- i dag).....	15
4.5.1	Ferdselsveggar og kommunikasjon.....	16
4.5.2	Bygselhusmenn .....	16
4.5.3	Fiskarbonden .....	17
4.5.4	Omgangsskulen og fastskulen i Aukra.....	17
4.5.5	Lag og organisasjonar .....	18
4.5.6	Folkehøgskule og fiskerifagskule.....	20
4.5.7	Småindustri og handtverk.....	20
4.5.8	Tidleg maritim industriutvikling .....	21
4.5.9	Aukra Hval a/s.....	22
4.5.10	Etablering av nybrottsbruk gjennom ordninga Ny Jord.....	22
4.5.11	Den tyske krigsmakta sin okkupasjon.....	23
<b>5</b>	<b>Tematisk oversikt over kulturminna i Aukra.....</b>	<b>25</b>
5.1	Automatisk freda (før 1537).....	25
5.2	Samferdsel / kommunikasjon .....	25
5.3	Skular .....	26
5.4	Landbruksmiljø og landbruksbygningar .....	26
5.5	Kyrkje og Bedehus .....	26
5.6	Byggetradisjonar .....	27
5.7	Tekniske og industrielle kulturminne.....	27

5.8	Fiske / fiskeforedling / fiskemottak.....	27
5.9	Immaterielle kulturminne .....	28
<b>6</b>	<b>Å tenka heilskapleg .....</b>	<b>29</b>
6.1	Formidling.....	29
6.1.1	Askeladden og kulturminnesøk.....	29
6.1.2	Formidling og reiseliv .....	29
6.1.3	Digitalt Museum.....	30
6.1.4	Heimeside og kommuneavis .....	30
6.2	«Partnarpool» .....	30
6.2.1	Regional delplan for Kulturminne av regional og nasjonal verdi .....	31
6.2.2	Samarbeid med frivillige .....	31
6.3	Kultur som næring.....	31
<b>7</b>	<b>Handlingsplan 2017-2020 .....</b>	<b>32</b>
7.1	Tiltak som er starta i 2016 men ikkje fullført.....	32
	Krigsminne .....	32
7.1.1	Falkhytten krigsminne – bunkers og artilleristilling .....	33
7.1.2	Kartlegging, registrering og oppdatering .....	33
7.1.3	Aukra fotoarkiv .....	34
7.1.4	Arbeidet til motstandsmannen Sven Sømme .....	34
7.2	Tiltak med planlagt start 2017-2020 .....	35
7.2.1	Istandsetting og skjøtsel på Kleivhaugen og Purkeneset .....	35
7.2.2	Flytting av sjømine og oppsetting av infotavle i Røssøyvågen.....	35
7.2.3	Formidling .....	36
7.2.4	Immateriell kystkultur .....	36
7.2.5	Skjøtsel av Horrem kvernhus .....	36
7.2.6	Månadens kulturminne .....	36
7.2.7	Aukra Kulturhus .....	37
7.2.8	Aukra krigsminnesamling 2019 .....	38
7.3	Handlingsplan - oppsummering av tiltak 2017-2020.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
<b>8</b>	<b>Oppsummering av kulturminneplanen .....</b>	<b>40</b>
<b>9</b>	<b>Oversikt over bilde med forklaringar .....</b>	<b>43</b>
<b>10</b>	<b>Kjelder og litteratur .....</b>	<b>44</b>

# 1 Innleiing

## 1.1 Aukra kommune

Namnet Aukra kan ha opphav frå det norrøne aukrin som tyder ei naturleg eng. Namnet har og vorte sett i samanheng med åker og vin. Namn som er samansette med vin er av dei eldste kulturnamna og tydar på kultivering av jorda. Det meste av kommunen er øya Gossa, ei lavlandsslette med høgste punkt Jærmannsburet, 99 m.o.h. Øya har form som ein uregelmessig firkant med våger inn frå aust, nord og vest. Den midtre delen av øya har opprinneleg vore ei stor myr. Berre kystranda var oppdyrka og bebudd. Fastlandet av kommunen på austsida av Julsundet er ei meir eller mindre skrå strandflate frå fjellpartiet mot nabokommunen Fræna og vestover mot sundet.

Aukra kommune har ei rik og unik forhistorie som har eit spenn over eit stort tidsrom. Frå dei tidlegaste registrerte busettingane i Noreg, etter at isen trakk seg tilbake etter siste istid og fram til gasseventyret vi i dag er ein del av. Spora etter menneske strekk seg i Aukra over ei periode på over 12 000 år.

Spor etter menneske frå dei ulike tidsepokane i landskapet og som munnlege fortolkingar og kunnskapar lever framleis hjå oss. Det kan vere rester av eit naust i fjøra eller historier frå då ho bestemor var lita jente. Det kan og vere kjennskapen til uttak og bruk av skog til virke, eller historier om korleis fiskarar og bønder til ulike tider har brukt kunnskap om naturen for å overleve i eit kaldt og grisgrendt land. Det kan vere gamle funn frå tidsrom då livet var så ulikt det vi lever i dag, at det kan vere vanskeleg å ta inn over seg. Det kan vere dei næraste historiene. Som til dømes forteljningane om livet i fangenskap i krigsåra, kvardagshistorier, eller om fangst av dyr og uttak av torv som brensel til å varme opp husa med.

Det er vi som lever i dag som må ta ei avgjerd i høve til kva verdi desse fortidsminna skal ha for vår samtid og for nye generasjonar i åra som kjem.

God kulturminneforvaltning har som utgangspunkt å finne rom for bevaring og rom for bruk av kulturminne. Samtidig er det ein verdi å halde døra open for utvikling av det som er nytt. Vi må heller ikkje gløyme at historia og kunnskapen har verdi sjølv om det fysiske minnet vert borte. Dokumentasjon og kartlegging er difor viktige oppgåver innan kulturminnevernet.

I aukande grad er vi blitt klar over kva rolle lokal historie og sær eigenheit har for utvikling av identitet og kjensla av å høyre til i sitt eige lokalsamfunn. Kulturminna representerer vår felles historie og vår identitet som folkeslag. Dei minner oss om dei ytre faktorane som i ulik grad har påverka den lokale eigenarten.

Kulturelle særtrekk vert i stadig større grad bevisst nytta i marknadsføring av regionar som turistmål. Dette vert vist gjennom nasjonale satsingar på å utvikle kulturbaserte næringar og opplevingstilbod basert på nettopp kulturarven vår. Ei slik satsing skal føre til at utkantkommunar skal kunne utvikle og byggje opp nye og spanande næringar. Desse skal danne grunnlag for bulyst og alternative inntektskjelder i åra som kjem. Ref. eksempel som er trekt frem i NOU *"Fortid former framtid, utfordringer i en ny kulturminnepolitikk"*, side 53. Opplevingsnæringar er i dag den økonomien som har høgast vekstpotensial på verdsbasis.

Den kulturskatten som Aukra representerer bør bli løfta fram. Det er eit ønskje at det vidare kulturarbeidet skal gje eit innsyn i ei lang tidslinje og ei mangfaldig historie. Dette gir oss noko å vere stolt av, og seier noko viktig om kven vi er og kvar vi kjem frå. Kulturminna våre

skal gi grunnlag for å bygge næring knytt til eigenart og historia, samt sørgje for at dei som kjem på besøk til Aukra finn gode grunnar til å komme attende til kommunen.

Kulturminna er dei viktigaste kjeldene vi har til kunnskap om utviklinga av samfunnet vårt og det miljøet vi bur og lever i. Ein kulturminneplan skal gje oversikt over kulturminneverdiane i kommunen, og skal vere eit nyttig verkty for vidare arbeid med kulturminnebevaring innanfor kommunal planlegging. Det finst mange kulturminne som ikkje er freda, men som bør takast vare på. Desse bør ein identifisere og verdsette slik at ein kan ta omsyn til dei i plan- og byggjesaker. Ikkje alle spor etter fortida kan eller skal vernast, men vi må sjå kulturminna som ein ressurs for vår eiga tid, og samtidig som ein ressurs vi forvaltar på vegne av framtida.

## 1.2 Korleis lese planen

Denne planen er eit verkty for å sikre god kulturminneforvaltning i Aukra kommune både i dag og for framtida. Dette er i tråd med Aukra kommune sin kommuneplan for åra 2011-2020, der det vert framheva at når vi skal utvikle Aukra sitt omdøme, må vi byggje vidare på dei særtrekka og eigenskapane som kjenneteiknar kommunen. Identitetsmarkørar kan vere kulturmiljø, kulturhistorie og kulturminne. Målet er at kommunen skal framstillast på ein samlande og god måte både i lokalsamfunnet og i regionen. Dette er med på å skape ein felles identitet.

Kapittel 2 syner målsettingane med kulturminnearbeidet i Aukra kommune og kartlegg kva nasjonale føringar kommunen må halde seg til i kulturminnearbeidet.

Kapittel 3 nemner omgrepsforklaringar som er viktige i kulturminnearbeidet.

Kapittel 4 gir ei innsikt i historiske sætrekk for Aukra kommune.

Kapittel 5 gir ei tematisk oversikt over kulturminne som kommunen skal ta vare på, både av materiell og immateriell karakter. Dei to kapitla 4 og 5 kartlegg byggjesteinane i Aukra si historie og som bør ivaretakast for framtida. Oversikta viser til dei elementa som representerer Aukra si historie.

Kapittel 6 omhandlar formidling og kva formidlingsarenaer ein bør/kan jobbe spesielt med. Kapitlet gir også ei oversikt over samarbeidspartnarar det kan vere aktuelt å samarbeide med for å få realisert tiltaka i handlingsplanen.

Kapittel 7 viser prioriterte tiltak i planperioden. Kvart år skal handlingsdelen rullerast. Slik vert plana levande og det gir samtidig moglegheit til å legge fram oppdaterte og realistiske kostnader.

Kapittel 8 gir ei kortfatta oppsummering av plana .




## 2 Målsetting for arbeidet med kulturminneplan

### 2.1 Kvifor vedta ein kulturminneplan?

Å ta vare på og sikre kulturminne for framtida peikar mot ei verdisetting som investerer i framtida. Utan ivaretaking av kulturminna våre taper vi noko vesentleg. Identitetsoppleving og lokal sjølvkjensle er stikkord for innbyggjarane. Næringsutvikling, turisme og reiseliv er mulege biverknadar om ein tek vare på kulturminna utan å forbruke dei.

Endra levevis dei siste tiåra på bygda, som medfører ein markant reduksjon i utbreiinga av ei primærnæring som landbruket, er ein del av forklaringa på kvifor landskapa våre gror att av lauvkjerr og einer. For å motverke det mange oppfattar som eit identitetstap må ein difor sette fokus på kva som er årsaken og den sannsynlege verknaden av nye måtar å bruke landskapet på. Når slike problemstillingar er kjent kan ein sette inn tiltak for å ta vare på kulturlandskap, kulturminne, og dei større kulturmiljøa som desse enkeltståande kulturminna inngår i. Det er vi som lever i dag som avgjer kva slags type kulturminne og kulturlandskap vi ønskjer å overlevere til våre etterkommarar. Ein kulturminneplan er difor å betrakte som eit verkty som konkretiserer kva kommunen ønskjer å ta vare på for ettertida.

I det framtidige arbeidet med å sikre verdiar som er synleggjort i kulturminneplanen er det viktig å ta omsyn til arealbruk i samsvar med plan- og bygningslova. Det vil vere viktig at ein legg forvaltinga opp mot kulturminnelova. Kulturminna som enkeltståande objekt, eller som delar av eit kulturmiljø eller eit kulturlandskap vil kunne sikrast ved bruk av ei omsynssone kring nyare tids kulturminne. Framtidig arealbruk vil vere av stor betydning for ivaretaking av nyare tids kulturminne som ikkje har eit formalisert vern via kulturminnelova. Aukra kommune har høve til å sikre kulturminna for framtidige generasjonar ved å legge inn ei omsynssone ved hjelp av arealplanlegginga innanfor plan- og bygningslova. Ein må som kommunal forvaltar av nyare tids kulturminne sikre at desse kulturminna kan vere ein ressurs i samfunnsplanlegging og utvikling. Ein kan få synergieffekt innanfor tradisjonskunnskap, ivaretaking og formidling. Slik kan kulturminna også vere med å skape næringsverksemd i kommunen.



## 2.2 Mål for kulturminnearbeidet i Aukra kommune

### Visjon:

- Kunnskap om kulturmiljø og kulturminne skal bidra til identitet, oppleving og verdiskaping i kommunen.

### Mål:

- Bevare og dokumentere mangfaldet i kommunen si historie. Synleggjere, formidle og gjere tilgjengeleg kulturminne og kulturmiljø.
- Medverke til ei lokal samfunnsutvikling der vern og bruk samhandlar.

### Delmål:

- Aktiv bruk av kulturminnesok.no som formidlingsverktøy.
- Involvere barn og unge for å bevisstgjere dei om opplevings- og kunnskapsverdien.
- Vidareutvikle eit godt samarbeid med historielag og frivillige for felles mål om bevaring og formidling.
- Samarbeide med grunneigarar og frivillige for å gjere historiske attraksjonar tilgjengeleg og attraktiv å besøke.
- Samarbeid med Øyriket i Romsdal og Stikk Ut for å formidle kulturminna som turmål.

## 2.3 Regjeringa sine målsettingar på kulturminnefeltet

Stortinget har vedteke at det er eit nasjonalt mål å ta vare på eit representativt utval av kulturminne. Det er og eit mål om å redusere det årlege tapet av kulturminne og kulturmiljø. I tillegg vert det vektlagt at artar (biologisk mangfald) og naturtypar som inngår som ein del av kulturlandskapet skal takast vare på. Alle instansar som deltek og medverkar innanfor plan- og utviklingsprosessar, skal ta omsyn til kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.

## 2.4 Juridiske verkemiddel

Det er to sentrale lover som vert brukt når ein ønskjer å ta vare på spesielt verdifulle kulturminne. Det er Kulturminnelova og Plan – og bygningslova (PBL).

Kulturminnelova vert forvalta av Riksantikvaren og av kulturmyndigheit i fylkeskommunane. Den skal sikre ivaretaking og vern av kulturminne og kulturmiljø på eit nasjonalt nivå. Lova rommar automatisk freding, vedtaksfreding og midlertidig freding. Formålet med kulturminnelova skal vere å samordne statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd. Lova skal utover vernekriteria vere ein rettleiar med tanke på vedtak om vern og bruk av ressursar, samt i spørsmål knytt til utbygging og arealbruk.

Plan- og bygningslova (PBL) styrer arealplanlegginga som i hovudsak vert handheva og vedteken av kommunane. PBL er kommunen sitt viktigaste verkty for å ta vare på kulturminne og omgjevnaden til kulturminna, og det skjer ofte gjennom regulering av omsynssone - bevaring. Kulturminne som er freda etter kulturminnelova vert også tilrådd å vise med omsynssone - bevaring i reguleringsplanar og arealplanar. For bygg av verneverdi, men som ikkje er freda, er det vanlegvis berre PBL som vert brukt i forvaltinga.

Omsynssone kan brukast for å sikre omgjevnaden kring eit freda objekt. Ved vurdering av tiltak nært automatisk freda kulturminne er denne anbefalt å vere på minimum 50 meter. Omfanget av kva som skal regulerast til bevaringsføremål må gjerast med bakgrunn i fagleg grunngeving, og reguleringsplanen bør difor utformast i samråd med kulturavdelinga i fylkeskommunen. Dei automatisk freda kulturminna (omsynssone D) har som oftast også behov for ein ekstra omsynssone (omsynssone C) utanfor det som er automatisk freda. Dette er viktig dersom ein skal sikre kulturminna i forhold til kulturlandskapet rundt.

## 2.5 Økonomiske verkemiddel

Freding eller vedtak om vern gir avgrensa sikring om ivaretaking for eit kulturminne. Det viktigaste er at privat eigar av kulturminnet er positiv til at ein tek vare på kulturminnet for ettertida. Når ein tek avgjerda om å ta vare på kulturminne og kulturmiljø desse inngår i, vert det behov for å bruke og fremje eksisterande kunnskap om kulturminnet, og det krev ofte økonomiske ressursar. Det er viktig at ein grunneigar blir gjort kjent med kva positive ringverknader eit kulturminne på eigendommen kan gje, for ofte vert det fokusert på kva «utfordringar» kulturminnefunn skapar for eigaren av eit areal. Ofte omhandlar slike tilfelle om ulik tilnærming til bruken av eit areal. For å stimulere grunneigar til ivaretaking av kulturminne av ulike typar er det viktig å gi råd om tilgjenge til offentleg økonomisk støtte.

## 2.6 Forarbeidet

### Kommuneplan for Aukra 2011-2020

Bærekraftig utvikling handlar om balanse mellom økonomisk og sosial utvikling, og ivaretaking av miljøomsyn i eit langsiktig perspektiv. Gjennom lovforvaltning, gjennom tenesteproduksjon og i rolla som lokal og regional samfunnsutviklar skal Aukra kommune ha som mål å ta vare på kulturminneverdiane og natur- og miljøverdiane til beste for den enkelte og samfunnet.

### Kulturplan 2013-2016

I Kulturplan for Aukra 2013-2016, vert det stadfesta at kommunen skal arbeide for at kulturhistoria vår skal vere kjend og lett tilgjengeleg. Kulturminneplan for Aukra kommune



skal vere ein reiskap til å gje oversikt over kva ressursar som finst i kommunen. Planen skal syne status og foreslå ei prioritering av kulturminna, for på best mogleg vis å sikre og forvalte denne ikkje-fornybare ressursen.

Kommunestyret vedtok i K-sak 10/13, ut frå politisk sak 12/125 -Kulturplan for Aukra, å oppnemne ei plangruppe for kulturminneplan for perioden 2014-2017, med følgjande personar: Bjørg Hukkelberg - leiar, Pål Terje Huse, Ingeborg Collin Høgseth, Arne Kristian Hollingsæter og Anne Jorunn Sandøy.

Mandatet til gruppa:

Plangruppa skal utarbeide ein kulturminneplan som:

- a) gir betre oversikt over kulturminne og kulturmiljø i kommunen
- b) prioriterer særleg viktige kulturminne og kulturmiljø som må sikrast og forvaltast
- c) inneheld ei handlingsplan for det vidare kulturminnearbeidet.

Arbeidet vart utført slik:

- «Idemyldring» om kulturminnearbeidet i Aukra, eit møte på Gossen den 16. april og eit møte på Julsundet den 17. april 2013.
- Plangruppa gjennomførte åtte møter.

I K-sak 108/13 vart Plan for kulturminnearbeidet i Aukra 2014-2016 vedteke av kommunestyret. Kulturminneplan skulle jfr. vedtak leggast fram for kommunestyret til godkjenning innan 31.12.2016.

Eining for kultur har hatt ansvar for utarbeiding av planen. Det har vore ein prosess, der frivillige historikarar, sogenemnd, tidlegare plangruppe og livsløpsutval har fått planutkast til orientering og uttale. Mottekne innspel undervegs er teke omsyn til i utarbeidinga. Endeleg planutkast har også hatt ei høyring før den er framlagt til politisk godkjenning.




## 3 Kulturminnevern

### 3.1 Kva er eit kulturminne?

*«Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til»,*  
Lov om kulturminne § 2.

Dei fleste kulturminna i Noreg ber preg av at dei ein gong var ein del av kvardagslivet til tidlegare slektsledd. Mennesket si gjerning og virkeområde i kvardagslivet er ofte ein del av kulturminne-forteljinga vår. Kulturminne kan difor i større grad enn mykje anna gje oss verdifull innsikt i korleis folk har levd liva sine i tidlegare tidsrom. Deira levesett og livspraksis skapte kulturminna. Men ofte har dei først vorte sett på som kulturminne hjå seinare generasjonar og innanfor nye tidsrom. Kulturminna hadde oftast ikkje kulturstatus når dei inngjekk som naturlege objekt og bruksområde i si samtid.



Kulturminna vi i dag vil ta vare på, var ofte bruksgjenstandar, stader, namn knytt til naturgeografi og til hendingar, segn eller bygg. Bygga var mangfaldige og tilpassa årshjulet. Frå bustad til utmarksløe, gardssmie og båtstø med tilhøyrande brukstradisjonar. Dei var ofte element innanfor ein arbeidspraksis som var ein sjølvstøtt del av kvardagslivet. For oss som kjem etter er dei vitnesbyrd om levevis, og om arbeidsskikkar. Totalt sett har kulturminna ei forteljing overlevert til oss som inneheld dei historiske periodane sin eigenart. Kulturminna kan seiast å vere noko som er uendeleg, så lenge dei får «lov» til å vere ein del av det moderne samfunnet sin dynamikk, og mennesket sin etter kvart så teknologiske kvardag.

Som kunnskapskjelde dannar kulturminna eit viktig grunnlag for vår tolking og forståing av fortida. Dei er vitnesbyrd om den historiske utviklinga i området. Ei utvikling som omhandlar både kontinuitet og endringar. Kulturminna kan fremme den lokale sjølvkjensla for den enkelte. Eit kulturminne kan også skape nysgjerrigheit og engasjement, og kan bidra til å vekke ei kjensle av nærleik til fortida. Kulturminna kan utvilsamt vere identitetsskapande og bidra til å gje ein stad sitt eige særpreg og karakter. Eit kulturminne som vert borte kan det nokre gonger lagast kopi av, men identiteten til det enkeltståande kulturminnet vil vere unik, og ein må betrakte kulturminna som ikkje-fornybare ressursar. Med tanke på at kulturminne kan forvitte eller meir direkte øydeleggast, er det viktig å vere medviten om kva slags kulturminne som er spesielt verdifullt for samfunnet, slik at desse kan takast vare på for framtida.

### 3.2 Ivaretaking av kulturminne

For kvart enkeltståande kulturminne og gruppe av kulturminne vil det vere høve til å finne løysingar mellom utbygging og vern. Men det krev ulike innfallsvinklar av ein tverrfagleg karakter å få til dette. Å ta vare på kulturminna er å ta vare på vår historiske identitet. Ulike typar kulturminne kan bety ulike ting for kvar og ein av oss. Det vil difor vere skilnad på tilnærminga den enkelte har i høve til eit kulturminne. Noko som er særleg verdifullt for ein

person, kan ha liten verdi for andre. Forståinga og opplevinga knytt til forhistorie og kulturminne vert nedfelt i kvar og ein av oss på ein subjektiv måte. Vi har ei oppleving av kulturminna på ulike måtar etter kven vi er og kva slags type referansar vi har med oss.

Det vil vere utfordringar i arbeidet med å ta vare på kulturminna og dei kulturmiljøa dei er lokaliserte i. Kulturminnevernet kan ha utfordringar i høve til andre samfunnsinteresser. Dette gjeld i stor grad samfunnsutvikling innanfor felt som arealspørsmål eller planlegging av nye vegar innanfor samferdsel. Vegplanlegging kan vere komplekst sett i høve faglege premiss og krav på korleis infrastrukturen skal vere.

Bygg som tidlegare prega dagleglivet i eit lokalsamfunn har ikkje den bruksretta verdien i folk sitt daglegliv som dei hadde den gongen dei fylte ei meir aktiv rolle. Typiske eksempel på dette er løer, stabbur, eldre naust, sjøbuer, ei gardssmie eller ein snekkar-verkstad. Bygg av denne typen har ei viktig brukshistorisk forteljing å formidle til nye generasjonar. Dette er ofte bygg som utover sin byggmessige eigenart har eit samfunnshistorisk perspektiv som peikar mot tidlegare tider sitt næringsliv, samferdsel og levesett.

Ein kan velje å sjå dei tidshistoriske særtrekka i ein vidare samanheng enn berre det enkelte kulturminnet. Det kan baserast på alle dei delane som utgjer eit større kulturmiljø. På den måten kan ein til dømes la eit bygg inngå i eit meir utfyllande bilete, enn det bygget i seg sjølv maktar å formidle som eit enkeltstående objekt. Det er like fullt av stor betydning for dei enkelstående kulturminna å få behalde sin eigenart, sjølv om dei inngår i ei vidare ramme. I vår samtid vert ofte materielle kulturminne som eldre bygg isolert frå sitt opphavlege kulturmiljø. Det skjer med nye formar for arealbruk, oppføring av nærliggande bustadfelt, og ei generell fortetting av same bustadfelt og nye bustader. Dette bryt med kva som var vanleg byggeskikk og arealbruk innanfor bygdeliv og kulturmiljø i tidlegare tidsrom. Ofte vil og nye næringsvegar, utbyggingar, og utvikling av samferdsel påverke eit kulturmiljø.

Når det gjeld verneverdige anlegg og bygg spesielt, samt sett i høve til kulturminneverdiar meir generelt, er ein avhengig av at eigar har interesse og kompetanse, og ikkje minst økonomisk høve til å ta vare på sitt privateigde kulturminne til fellesskapets beste. Det offentlege kan ha ein medverknad i samspel med byggeigar og/eller grunneigar og tildele økonomiske stønader. Det er den mest vanlege forma for offentlig medverknad til ivaretaking av verneverdige bygg, kulturmiljø og kulturlandskap.

### 3.3 Immaterielle kulturminne

Lokale tradisjonar, segn, eventyr, myter, matkultur, historier, stadnamn, musikk og handverkstradisjonar er eksempel på immaterielle kulturminne. På mange måtar kan dette seiast å vere den mest sårbare delen av kulturminnearven vår. Kunnskapen og historiene forsvinn i lag med menneska som har vakse opp med overlevert og tradisjonsboren kunnskap, om ein ikkje arbeider spesielt med innsamling og formidling av desse. Eit segn eller ei historie frå folketrua gir eit lite vindaug inn mot ei form for livstru, som i ei tid har stått like sterkt som trua på Gud og Kristus.



### 3.4 Materielle kulturminne

Materielle kulturminne kan til dømes vere: Bygningar, gravhaugar, bruer, vegsamband, buplassar og gjenstandar. Eit hus har ei historie som seier oss noko om byggeskikk og praktiske løysingar i dagleglivet. Båtane har si søge om næringsvegane og samferdselforma dei var prisgitt langs kysten.

### 3.5 Kulturmiljø

Kulturmiljø er område der kulturminna vert ein del av ein større heilskap, eller sett inn i ein samanheng. Kulturminne kan også vere av rein naturkarakter i form av biologiske kulturminne.

Kystlyngheia på Småge er eit døme på det. Spelsauen som beitar på røsslyngen i kystlyngheia skaper ein vegetasjonsøkologisk dynamikk mellom biologi og kulturbruk. Eit naturminne innanfor kulturminnevernet kan også vere eit særskild tre eller geologiske formasjonar i terrenget. Fleire av dei tidlegaste verna i Noreg av naturminne er eksempel på objektvern av natur, som i ettertida kan sjåast på som biologisk kulturminnevern.

### 3.6 Automatisk freda kulturminne

Automatisk freda kulturminne som til dømes ein buplass frå steinalderen, eit forsvarsverk som ei bygdeborg, eller ei gravrøys frå jernalderen vart tidlegare kalla fornminne. I eldre litteratur som omhandlar kulturminne vert ofte denne samleforma nytta for å beskrive våre eldste former og typar av kulturminne. Dette er kulturminne som er freda direkte i lovteksten til kulturminnelova. Det gjeld spor etter menneskeleg aktivitet av ulike slag fram til reformasjonen (1537). Ein treff nokre gonger på nemninga før-reformatoriske og etter-reformatoriske kulturminne innanfor kulturminneforvaltninga. Dette er omgrep som forvaltninga brukar for å skilje på det som er automatisk freda kulturminne før reformasjonen i 1537 og kulturminne av seinare dato, utan ein formalisert vernestatus i utgangspunktet.

I §-4 i kulturminnelova står det: *«Ingen må – uten at det er lovlig etter § - 8 – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje»*. Automatisk freda kulturminne har etter lova ei fastsett sikringssone på 5 meter rundt seg. Dette gjeld alle automatisk freda kulturminne.


Talet på automatisk freda kulturminne er høgare enn kva som er kjent. Det eksisterer framleis gøymde kulturminne nede i jorda, som kjem til syne når det er spørsmål om utbygging av arealet der dei ligg. Ein del automatisk freda kulturminne ligg gøymd under vegetasjonen i utmarksområde. Desse kulturminna er på sett og vis konservert der dei ligg, men når dei kjem fram i dagen skaper dei ofte spørsmål om det er behov for ivaretaking. Ivaretaking av kulturminne vert ofte eit spørsmål om kryssande interessefelt mellom forvaltning og private interesser.

Ved ei fagleg datering eller erklæring som bekreftar at eit byggverk stammar frå tidsperioden mellom 1537 -1649, vert også desse byggverka, eller restar av byggkonstruksjonar frå nemnte tidsperiode automatisk freda etter kulturminnelova. I databasen Askeladden er det registrert 232 automatisk freda kulturminne frå Aukra kommune i frå før-reformatortisk tid. Dette er kulturminne som mellom anna er knytt til steinalderfunn i form av kokegroper og flintfunn, samt gravrøysar, steinkretsar og bautasteinar som er datert til bronsealder og jernalder.

### 3.7 Nyare tids kulturminne

Nyare tids kulturminne saknar ein formell vernestatus og er meir utfordrande å sikre for ettertida enn kulturminne med automatisk fredingsstatus etter kulturminnelova. Det er viktig at ein kulturminneplan synleggjer desse mangfaldige kulturminna av etter-reformatorisk alder, og at ein kommunal kulturminneplan er tydeleg på at ein ønskjer å ta vare på eit representativt utval av desse.

Fleirtalet av dei nyare kulturminna etter reformasjonen i 1537 ligg under kommunane sitt ansvarsområde. Dette kan til dømes gjelde SEFRAK- bygningar. (SEFRAK er eit landsdekkjande register over eldre bygningar og andre kulturminne. SEFRAK= Sekretariatet for registrering av faste kulturminne i Noreg). Det kan også vere steingardar frå det før-moderne landbruket, hustuffer, grensemerke, eldre vegar, naust, ei gammal båtstø, eller ulike typar krigsminne for å nemne nokre eksempel på det mangfaldet som vert kalla nyare tids kulturminne i kulturminneforvaltninga. Alle desse spora er bevis på at folk har levd på andre måtar og hatt andre næringsvegar enn kva som er vanleg i vår samtid. Dei mangfaldige typane av kulturminne kan fortelje oss ein heil del om andre tidsepokar og andre livsstilar. Dei er alle delar av ei større forteljing som omhandlar Aukra kommune, Møre og Romsdal fylke og nasjonen Noreg si fortid.



## 4 Aukra kommune i historisk perspektiv

Ein kulturminneplan kan ikkje og skal heller ikkje fange opp alt, men den kan synleggjere ei lokal, regional og nasjonal målsetting om å ta vare på kulturlandskapet med sine ibuande kulturmiljø og kulturminneverdiar. Spora etter menneske strekk seg i Aukra kommune over ei periode på over 12 000 år. Frå dei tidlegaste registrerte busettingane i Noreg etter at isen trakk seg tilbake etter siste istid, og fram til gassutvinninga vi i dag er ein del av. Kapitelet viser ei historisk oversikt over livet i Aukra kommune. Vi ser også korleis Aukra si historie føyer seg inn i ein del tidstypiske trekk og er ein del av ei større regional og nasjonal historie.

### 4.1 Steinalder (9000-1800 før Kr.)

Mennesket i steinalderen var ein haustar av utmarksressursar. Aukra kommune har blant dei eldste spora etter busetnad i landet vårt. Spesielt er det registrert mange funn i området på Nyhamna. Til saman vart det funne 375 000 arkeologiske gjenstandar under utgravingane. Desse er oppbevart på Vitskapsmuseet i Trondheim. Registreringane omfattar kokegroplokalitetar med avsetning frå brent stein og kolrestar, aktivitets- og busettingsområde, flintrestar, ei øks av flint, skiferpilspissar og ein skiferkniv. Det mest sjeldne funnet var skjellettrestar etter eit barn, frå om lag år 1900 før Kristus. Litt av hakespissen og nokre ribbein er bevart i eit sjeldan funn av menneskebein frå steinalderen. Det vart også gjort eit sjeldan funn av steinsette branngraver frå steinalderen, eit dødsrituale som ikkje tidlegare er funne i Noreg. Av dei nemnte 232 automatisk freda kulturminna i kommunen, er det eit markant innslag av vernelokalitetar i tilknytning til steinalderen.

Alle tidsspora frå Fosnakulturen i Aukra er eit historisk vitnesbyrd om graden av avhengigheit dei tidlege brukarane av landskapet hadde til sanking, jakt og fiske. I perioden som vert omtala som den yngre delen av steinalderen vart det etablert ei meir bufast livsform med jordbruk og åkerdyrking. Dette vart eit markant skilje i livsførsel. Husdyrhald ga nye høve til livberging, i eit klima kor eksistensen ofte må ha vore av ein marginal karakter med tanke på dei ressursane ein kunne gjere seg nytte av. Dei første langhusa vart bygd og teke i bruk som bustad for mennesket, og ein tok til seg dyr som ga kjøt, mjølk og ull til å lage seg klede. Men utmarksbruken med ei vektlegging på sanking av plantekost, og jakt og fiske innanfor ein vidgreina veidemannskultur, stod framleis for ein heilt sentral del av mennesket si livberging.

### 4.2 Bronsealder (1800-500 før Kr.)

Jordbrukskulturen vart enno meir sentral i denne tidsperioden. Fehald i gardsdrifta vart ein viktig del av levemåten i Noreg i bronsealderen. Nemninga bronsealderen heng saman med erverva kunnskap om å lage bronsegjenstandar som ein har funne att i smykke. For Aukra sin del er kommunevåpenet eit symbol på ein gullring som vart funnen på Aukratangen i 1936. Funnet av intakte ringar frå denne tida er sjeldan i skandinavisk samanheng. Utover gullringen har ein funne ein spydspiss og to bronseøkser frå bronsealderen på Gossen.

Ættegardar med høvdingsete og deira bruk av monumentale markørar i form av steinanlegg tok i denne tidsperioden sin markante plass i landskapet. Gravrøyser og andre kulturminne i stein, i form av bautasteinar og steinkretsar som ein kan sjå og oppleve i Aukra, er arkeologisk tidfesta til å mest sannsynleg stamme frå bronsealderen. Kring 1870 skal det framleis ha vore bevart mellom 200-300 røyser og steinringar, samt tufter og bautasteinar. Mykje av dette er i dag å rekne som tapte kulturminne. Nils Parelius sine registreringar i åra

1965-1967, med hjelp av lokalkjente, vart samla i boka «Oldtidsminner i Aukra kommune». Dette arbeidet har vore av stor verdi for seinare tids arkeologisk registreringsarbeid når det gjeld kulturminne i stein.

Av fleire markante gravrøyser kan ein trekke fram røysa på Tangen som er målt til å ha eit tverrmål på meir enn 30 meter. Dette er den største registrerte kystrøysa i stein som er kjent i Romsdal. I Aukraskogen ligg det også ei røys som har vore omtala av Jonas Ramus, fødd på Aukra i 1649, og av Gerhard Schøning i 1773. Røysa vart med god hjelp frå frivillige, i samarbeid med arkeologisk fagmyndigheit hos Møre og Romsdal fylke, samt private firma rydda fram i dagen i 2006. Vegetasjon vart fjerna og steinane spyla rein. Slik fjerning av vegetasjon hindrar «utsprenging» av stein.

### **4.3 Jernalder (500 år før Kr. – 1000 år etter Kr)**

Nemninga på tidsperioden heng saman med at ein fekk kunnskap om bruken av jarn til reiskap og våpen. Jernalderen er eit markant skilje i høve historisk kjeldebruk, for i jernalderen kjem skriftspråket inn som ei sentral kjelde til seinare historisk gransking, utover funn av arkeologisk materiale frå tidsrommet. Vikingtida fell inn under denne tida, og vidarefører som i bronsealderen høvdingsetet og ættemakta sin symbolske bruk av monumentale gravrøyser i kystlandskapet. I Aukra kommune er det gjort ei rekkje registreringar av gravrøyser frå både bronsealderen og jernalderen. Det er noko problematisk å tidfeste røyser eksakt. Handelsamkvem mellom langvegfarande sjøfolk og erobringstokt er noko som mange forbind denne tida med. I jernalderen vart gardssamfunna i enno større grad enn i bronsealderen godt etablerte. Dei fekk ein vidtrekkande driftsprofil som mellom anna baserte seg på utstrakt seterbruk og arbeidsfelt som heng saman med jordbruksdrift og husdyrhald. Det bør nemnast at ein på denne tida hadde fått etablert gjetarpraksis i utmarka når husdyrtala auka. Eit arbeid utført av born. I ytre delar av fylket og i kystkommunen Aukra vart sjøen ein aukande ferdselsveg og næringsveg med utstrekt handelssamkvem utover i jernalderen.

### **4.4 Mellomalder (1000 -1537 etter Kr.)**

Ifølgje sagaskriftene vart Noreg samla til eitt rike og styreforma vart meir konsentrert om ei sentral kongemakt, i staden for alle småhovdingane si desentraliserte maktutøving som rådde før dette. I Romsdal vart kyrkjestaden på Veøya etablert allereie på 900-talet med ein etterkvart samlande geistleg funksjon for regionen. Spesielt for Veøya og på Villa i Tresfjorden er påvisinga av både før-kristen og kristeleg gravferdsskikk på same kyrkjegard og gravfelt. Utover kyrkjestaden gjorde og kaupangstatusen Veøya sentral som hovudsete, i ei tid då sjøen og båten var dåtidas form for fylkesveg og europaveg. Kaupangane kan sjåast på som tidlege byliknande samfunn.

I 1349 kom svartedauden til landet. Pesten, som kom i form av ein epidemi, medførde ei halvering av folketalet i eit tynt busett land, og mykje dyrkingsjord vart liggande brakk.

Som ein langtverkande konsekvens av ringverknaden av pesten mista kaupangane langs kysten sin posisjon, men det vaks fram ny og blomstrande handelsverksemd basert på fiskevær. Bud i Romsdal var ein periode den mest sentrale handelsstaden mellom Bergen (Bjørgvin) og Trondheim (Nidaros) i siste halvdel av mellomalderen, med fiskeria som grunnlag.

Aukra prestegard er ein del av Nord-Aukra mellomalderkyrkjestad. Første gong nemnt i skriftlege kjelder i 1495. Den siste katolske presten i Aukra vart kalla «Meister Harald». Ifølgje Diplomatarium Norvegicum gav han seks tønner øl, ein stut, to bukkar, samt geiter og

fjørfe i samband med riksmøtet i Bud i 1533. Kyrkjestaden på Gossen er automatisk freda som kulturminne. Det har stått fire kyrkje der, som alle har vorte råka av brann grunna lynnedslag. Noverande kyrkje er frå 1835. Mellomalderkyrkjegarden er freda og strengt regulert i forhold til retningslinjer gitt av Riksantikvaren, men er framleis i bruk .

#### 4.5 Nyare tid (1537- i dag)

I tida etter reformasjonen vart fiskeria på kysten viktig og medførte endringar demografisk når det gjaldt busetting. Dei reine kystområda fekk auka innbyggartal, og det gjaldt også Aukra, med sentrale leveveggar knytt til sjøfart og fiske. Frå slutten av 1500-talet var ikkje fisket like godt, og folketalet inne i fjordane steig. For Aukrasamfunnet var dei naturgjevne føresetnadene for sjødrift og fiskeri framleis rådande. Kystbefolkninga si historie og mentaliteten i fiskarbaserte samfunn handlar mykje om å leve med og akseptere store variasjonar frå sesong til sesong.

Ein vesentleg årsak til tidlegare migrasjon (innanlands flytting) frå dalstrøk til fjord og kystområda, baserte seg på at det oftare var sikrare livsutkomme å drive vekselbruk på kysten, enn å drive ein mindre gard eller ein husmannsplass i innlandet.

For fiskeribefolkninga i Aukra handla det om ein meir allsidig bruk av maritime naturressursar, enn berre dei årvisse og sesongbaserte fiskeria etter torsk og sild. Oterjakt for å få tak i verdifullt pelsverk, småkvalfangst, brugdefiske, størjefiske, sanking av måse-egg og kobbejakt er òg ein del av ein maritim veidekultur (veidekultur = samfunn som i stor grad baserer seg på jakt, fiske og sanking). Ein livbergingskultur som i lang tid vart drive ved hjelp av berre råsegl og åremakt i



opne båtar om trerøingar, samt åtringar og seinare listertypar. Den historiske skilnaden mellom fiskarane i dei ulike regionane omfatta ein materiell og ein ikkje-materiell kulturskilnad innanfor bruk av spesialbygde båttypar. Dette gjaldt også reiskapsbruk og tradisjonar knytt til det ein kan kalle generasjonsoverlevert «taus kunnskap».

Tradisjonen med vøreigarsystemet fremma ei leveringsplikt frå fiskarane til vøreigarar på stader som Ona. Leveringsplikta til vøreigar som utrusta fiskarane med utstyr til sjødrifta skapte ein avhengigheit til vøreigaren. Fiskarane var ofte bygselhusmenn, og båtlaga dei inngjekk i måtte sette seg i skuld via borg hjå vøreigar. Same mann og slekt var også sjøbueigar, dreiv med frakteskuter og hadde ei vidgreina handelsverksemd. Ein slik økonomi skapte difor lokale handelsmonopol. Nokre historikarar har påpeikt at ei slik økonomisk avhengigheit mellom fiskar og vøreigar har føydalliknande trekk. På Ona i Sandøy varte vøreigarsystemet heilt fram til 1902.

Mekanisering av fiskeflåta gjorde seg gjeldande frå siste halvdel av 1800-talet og framover mellomkrigstida. Romsdalsfiskarane var tidleg ute med å mekanisere fiskeflåta. Ein heilt sentral inspirator i den samanhengen var Nils N. Finnøy på Finnøya i Sandøy. I 1922 hadde han hatt fleirtalet av dei vel 20 personane som hadde etablert seg som drivarar av



motorfabrikkar innan maritim industri i fylket som lærlingar. På Romsdalskysten vart Nils Finnøy sine patent på mekanisk fiskereiskap, og den maritime industriutviklinga i Røssøyvågen på Gossen viktig for å skape innovasjon. Nils Finnøy sine mekaniske garnspel vart stilt ut og premiert som norsk bidrag på verdsutstillinga i Paris i 1898.

#### 4.5.1 *Ferdselsveggar og kommunikasjon*

Losordninga og ei auke i bemanna fyrstasjonar innanfor eit offentleg fyrvesen, skulle komme til å spele ei viktig rolle langs heile Norskekysten, når det gjaldt sikrere ferdselstid og kortare leveringstid av varer og tenester. Frå midtre delar av 1800-talet betra tilhøva seg for den reisande grunna enklare transportformer for passasjerane. Frakting av gods vart mogleg over større avstandar enn før. Nye samferdselformer skaper nye mulegheiter for transport, og overgangen frå robåt og gangsti til gode kjerrevegar og dampskipstrafikk med «lokalen» var heilt avgjerande for samfunnsutviklinga.

For lokalbefolkninga ved fjordar og langs kysten vart det vesentleg enklare å ferdist i Romsdalsregionen eller mellom kystbyane i fylket når ein fekk passasjer- og godsbåtar. Den første dampskipsruta mellom Gossen og Molde kom i 1870 og hadde ei tid berre to avgangar i månaden.

#### 4.5.2 *Bygselhusmenn*

Etableringa av bygselhusmenn i Møre og Romsdal nådde ein topp i tidsperioda kring 1780 – 1880. Eit døme kan vere dei tidlegare husmannsplassane Harbraken i Julsundet og Steffensplassen på Gossen.

På Harbraken kan ikkje vilkåra for ei husmannskontrakt seiast å ha vore tidstypiske, for brukar hadde berre to dagar pliktarbeid og svara ikkje bygselavgift til jordeigar. Ei meir typisk kontrakt i regionen hadde ofte nedfelt 10-20 dagar pliktarbeid. Første brukar på Steffenplassen på Gossen, Steffen Pedersen, var innflyttar frå Nordfjord og fekk i 1778, 10 riksdalar i premie for nyrydding av plassen. På Steffenplassen syner folketeljinga at det i 1865 var ein buskap på to kyr og fem sauer. Etter skuldsetting og bygga å døme kan Steffenplassen sjåast på som ein husmannsplass som var meir å rekne som ein liten gard, på trass av at det ikkje var eit sjølveigande bruk. Skilnaden på ein gard og ein husmannsplass var ofte ikkje markant på våre kantar av landet.



Det før-moderne jordbruket som var sterkt prega av manuelt kroppsarbeid og mange sysselsette på bygda, vart frå siste halvdel av 1800-talet og framover prega av ein aukande grad av maskinbruk. Det letta arbeidstilhøva for den enkelte gardbrukar, men ein konsekvens av aukande mekanisering i landbruket vart lågare etterspurnad etter arbeidskraft i lokalsamfunna. Befolkningsoverskot i bygdelaga medførte flytting for arbeidsføre tenestefolk til industrireisninga i byane, og ikkje minst emigrerte ungdom frå husmannsplassar og gardbrukarsoner utan odelsrett til Sambandsstatane og Canada.

For den store gruppa av husmannsfamiliar vart emigrasjon eller å ta seg lønsarbeid løysinga, og det la fleirtalet av husmannsplassane øyde. Andre viktige faktorar som spelte inn i

regionen og nasjonen elles når det gjaldt husmannsvesenet, var ei aukande misnøye med å vere lågast nede på rangstigen i eit klassesdelt bondesamfunn. Jordlova av 1928 ga husmenn rett til innløyising av plassane, og det medførde ei statusheving for husmenn. Dei vart sjølveigande småbrukarar. For Aukra sitt vedkommande peikar tilhøva på ein heller låg grad av sosial skilnad mellom husmann og gardeigar i ein kvardagsleg og praktisk forstand, men skilnaden på å eige jord og å leige jord var markant juridisk og sosialt.

#### 4.5.3 Fiskarbonden

Fiskarbonden var historisk sett mest fiskar og i meir avgrensa grad gardbrukar i dei ytre delane av Romsdal. I dei indre delane av regionen i fjordane var han som hovudregel meir gardbrukar enn fiskar. I Aukra var fiskarbonden sterkt involvert i og avhengig av dei ulike sesongbaserte fiskeria. Slik vekselbruk var ein garanti for å sikre livsutkomme. Det førmoderne jordbruket og fiskeria var basert på bruk av tilgjengelege naturressursar i eit naturalhushald, men for kystfiskaren kom marknadsøkonomien tidlegare inn som ein del av kvardagen enn kva som var tilfellet i reine innlandskommunar. For å kunne drive sjøen måtte fiskaren ha kone og born heime som sørgja for at han vart utrusta til sjøferd, som tok hand om gardsdrifta med dyra på båsen, og som stelte heimen og tok hand om ungar.

Inntekta frå fiskeria var ofte heilt avgjerande for om familien opplevde akseptabel livberging eller svolt i heimen. Fiskarbonden kan seiast å vere ein historisk «skikkelse» frå Agderkysten til Finnmark, men med ulike variantar tilpassa næringsgrunnet der ein levde. Fiskarbonden og husmannen skilde seg frå kvarandre når det gjaldt eigedomstilhøva, men i levesett og i yrkesrolla med fleirbruk som basis, peikar kjeldene mot at det ikkje var stor skilnad på ein sjøleigande fiskarbond og ein bygselhusmann på Romsdalskysten.

#### 4.5.4 Omgangsskulen og fastskulen i Aukra

Skuleordninga i Agerø Herad som seinare ein periode vart heitande Nord og Sør-Aukra kommunar var som elles i landet prega av tilfeldig og ujamn undervisning av skuleborna under omgangsskuleordninga. Ein skulelærar eller skulemeister kunne gå mellom gardane og gje borna undervisning berre nokre få veker i året, men på trass av rein sporadisk skulegong var dette å betrakte som ei gryande sosial reform. På eit møte på Aukra prestegard



i året 1742 deltok soknepresten for Agerø og amtmannen for å få til ei form for skulegong for born i skulealder. Omgangsskuleordninga vart deretter utvida og forbetra, men bar preg av å ikkje vere tilfredsstillande fram til staten gjorde ei stor skulereform ved innføringa av fastskuleordning frå 1860.

Fastskulen vart viktig for å avskaffe analfabetisme i Noreg. På Gossen vart det tidleg bygd eigen fastskule. Solem gamle skule vart bygd i 1863 og teke i bruk frå 1864. Skulestova inngår i dag som ein del av Fiskerimuseet på Hjertøya. I Julsundet fekk ungane gå på fastskule på Fanghol skule frå året 1886. Den var i bruk fram til krigsåret 1940. Skulen vart etter kvart seld til ein privatmann på Harøya, og ny Fanghol skule vart sett opp på dugnad. I krinsen Sporsem på Gossen stod det ferdig ei skulestove til bruk for lærar og born i 1890.

#### 4.5.5 Lag og organisasjonar

Innanfor organisasjonslivet skjedde det mykje frå siste del av 1800-talet, både sett i eit nasjonalt og lokalt perspektiv. I Aukra, som mange andre stader, fekk ein ei rekkje nye foreiningar i lokalmiljøet som sprang ut frå samfunnsengasjement. Avhaldssaka og måtehaldsrørsla, målsak, skyttarlag, misjonsarbeid, søndagsskular for born, og fagorganisering innanfor arbeidarrørsla, samt bondeorganisasjonar er nokre døme. I tillegg vaks det i ei noko seinare fase fram ein god del foreiningar og lag som hadde interesse for kulturaktivitetar og idrett. Langt fleire enn dei som er trekt fram her kunne ha vore nemnt. Den første foreininga i Aukra var Eikrem og Hoksnes Kvindeforening som vart stifta i 1864. Foreininga eksisterte framleis i 1964 og feira då 100-års jubileum. Foreininga vart etablert av ekteparet Ane og Kristoffer Eikrem og arbeidde for Den Ytre Sjømannsmisjon. På det meste var det 25 medlemmar.

Idrettslagsaktiviteten kom inn i ei organisert form når Nord–Gossen idrettslag vart stifta i 1938. Sør–Gossen fotballklubb vart stifta i 1945. Same året vart idrettslaget Ekko, som er heimehøyrande i Fræna, eit samlingspunkt for organisert idrett for folk på Julsundet og søre delar av Fræna kommune. I 1967 vart Gossen Idrettslag ein samlande breiddeklubb for idrettsaktivitet, gjennom ei samanslåing av idrettslaget og fotballklubben. Årsaka til at det før 1967 var fleire idrettslag og fotballklubbar, kan sjåast i samanheng med tidlegare kommunestruktur og lokalgeografiske avstandar.

Hjertvik Misjonssambandsforening vart stifta i 1895. I 1899 hadde foreininga 19 medlemmar, der fleirtalet var kvinner. Hovudmålet var å samle inn pengar til misjonsarbeid, og å vere i lag om ei kristeleg samlingsstund. Foreininga var medlem av Kinamisjonsforbundet og vart lokalt kalla for «kinamisjonsforeininga».

I Aukra hadde ein også sjøredningslaga Idun og Freidig som tok seg av humanitært arbeid retta mot tryggleik for dei som hadde sjøen som leveveg. Idun vart stifta seint på 1940-talet med lagsmøte på Sporsheim skule og hadde årleg revy eller skodespel på samfunnshuset Soltun. Redningslaget Freidig hadde regelmessig basarar og bidrog økonomisk til redningssaka.

Gossen Sanitetsforening vart stifta i 1909. Det var ei rein kvinneforening som vart oppretta som lokalforeining av Norske Kvinnens Sanitetsforening. Formålet var samfunnsgagnleg arbeid som omhandla allsidig sanitetsarbeid, til beste for befolkninga. Eksempel på virkefelta var spedbarnskontrollar, arbeid opp mot skuleungar, tannhelseteneste, kreftsaka, og døvesaka. Det var også regelmessig økonomisk stønad til ulike føremål knytt til kyrkjelydsarbeid og Aukra kyrkje. Etter 90 års drift vart Gossen Sanitetsforening lagt ned i 1999, grunna manglande rekruttering. På Julsundet hadde ein i lengre periodar eit frittståande sanitetslag for Julsundet. Dette laget vart seinare oppteke i Gossenlaget.



Foreiningsverksemda retta mot born skaut fart frå siste halvdel av 1800-talet. Det kan mellom anna nemnast song og musikk, ungdomslosje, søndagsskule, samt idrett og speidarlag. Eit døme på tidleg lagsdrift var «Barnelaget Fædres Von» som vart stifta i 1919 på Breivik skule. Laget sin tidlege møteprotokoll fortel om at aktivitetane var retta mot kristeleg arbeid blant

born. Fast på møta var også felles lesestunder med høgtlesing av småforteljingar frå barneblad som «Magne» og «Blåveisen». Juletefestar vart arrangert årleg og var populære samlingsstader.



Den eldste foreininga i kommunen som framleis eksisterer med kontinuerleg drift (med unntak av to avbrot i tida kring unionsoppløysinga og under siste krig) sidan skipinga den 29. september 1895, er Gossen Frilynde Ungdomslag. Ungdomslaget engasjerte seg i stor grad som samfunnsaktør når det gjaldt å få starta folkehøgskule for bygdeungdom på Aukra i 1918.

Fråhaldsrørsla vaks kraftig fram i Noreg frå siste del av 1800-talet og utover. I Aukra vart losje Falkhytten nr. 407 under Romsdals Distriktslosje stifta i 1896. Losjen inngjekk som lokallag under den nasjonale Godttemplarordenen IOGT.

På Julsundet kan lagsdrifta til skyttarlaget trekkast fram som eit døme på ein type lagsorganisasjon som vaks fram i brei skala nasjonalt frå 1860 åra og framover. Skyttarlaget i Julsundet vart etablert i 1915, og utvikla seg med åra til å bli eit viktig samlingspunkt for skyttarar og storviltjegerar i bygdelaga i fastlandsdelen av kommunen. Dei frivillige skyttarlaga hadde historisk sett tydelege militærpolitiske trekk innanfor ein nasjonal lausrivingsprosess. Dei hadde eit mål om å bidra for å få landet til å verte ein sjølvstendig nasjon i høve unionsstrida, og seinare unionsoppløysinga frå Sverige i 1905. Eit døme på det kan vere namnet «Skyttarlaget 17. mai» som ei rekkje skyttarlag vart heitande frå siste del av 1800-talet og framover, som ein markør på identitet og nasjonal sjølvkjensle. På Julsundet vart det første gongen søkt heradet om fellingsløyve på hjort i 1929.

Songen og musikken har betydd mykje glede og trivsel for folk i Aukra opp gjennom åra. Eit døme på det er songkoret Fjelljom på Julsundet, som har hatt ei samanhengande drift sidan 1950. Av tidleg organisasjonsliv knytt til song og musikk hadde ein Gossen Songarlag og Gossen Musikklag som er nemnt attende i 1918, men desse laga vart lagt ned ganske tidleg. Sør-Gossen Songlag starta opp i 1930. I memoarane til Ole Hukkelberg står det: «I 1918 kom Hans Gjerde hit som styrar for fiskarfolkehøgskulen. Han var song- og musikkinteressert og tok til som dirigent for Gossen songarlag. Under krigen var her stille ei tid. Det einaste var å syngje i heimen dei songane ein var glad i, men som ikkje kunne syngjast so tyskerane hørde på».

Etter krigen har songen og musikken sine kår på Julsundet og på Gossen bløma. Mange lag for både vaksne og born har grodd fram som ein konsekvens av eit fellesskap innanfor utøvande musikalsk lagsarbeid.

#### 4.5.6 Folkehøgskule og fiskerifagskule

Aukra folkehøgskule vart sett i drift frå 1918, etter at den vart flytta frå den tidlegare amtsskulen på Vikebukta i Vestnes. Viktige fagområde for skulen var retta mot fiskarungdom som fekk mulegheit til å utdanne seg til kystskipper. Den sosiale profilen til folkehøgskulane medførte at ein kunne ta eksamen i navigasjon, som elles var kostbart for ungdom på bygda. Romsdal Husmorskule etablerte seg i same tidsrom i folkehøgskulelokala, og nytta desse når det var ledig kapasitet. Etter kvart utvikla folkehøgskulen seg meir og meir innanfor ei fagretning retta mot maritim utdanning.



Statens fiskerifagskule vart oppretta i lokala til den då nedlagte folkehøgskulen i 1939, og har hatt stor betyding for kystkommunane når det gjeld opplæring og rekruttering til maritime næringsvegar. Skulen si første tid vart sterkt prega av okkupasjonen, og eit rastlaust tilverve grunna den tyske krigsmakta sin okkupasjon og bruk av fiskerifagskulen til krigsformål i 1941. Skulen fekk klasserom i folkeskulen på Midsund, og elevane vart innkvartert hjå lokalbefolkninga. Hausten 1945 flytte fiskerifagskulen attende til Aukra. Skulen vart då som før ein internatskule. Sentralt i fagplan for undervisninga i tiåra etter krigen stod fiskeskipperkurset, som mellom anna inkluderte eit høve til å ta radiotelefonisertifikat og radarsertifikat. Seinare vart det utvida med utdanningstilbod innan naturbruk og hotell- og næringsmiddelfag, i tillegg til utdanning i fiske og fangst og skipperutdanning. Skulen vart nedlagt i 2007.

#### 4.5.7 Småindustri og handtverk

Som i mange andre bygdelag vaks det fram heimeindustri i kjellarar og andre stader i Aukra. Ei tidstypisk utvikling som var prega av både reint naudsarbeid, men òg innovasjon i heile regionen fram til mellomkrigstid og tidleg etterkrigstid. Eit typisk døme på dette var konfeksjonsindustri og skreddarverksemd som ofte vart starta opp i det små, for seinare å vekse til større bedrifter i tråd med etterspurnad etter produkta ein produserte. Innanfor konfeksjon og skreddaryrka vart det etablert fleire bedrifter. Solbakken Konfeksjonsverksted vart satt i drift frå 1936. Grunnleggarane hadde før dette også drive andre stader med konfeksjonsarbeid. På det meste sysselsette verkstaden 126 personar. I november 1943 overtok okkupasjonsmakta verkstaden. I tidleg etterkrigstid vart drifta spesialisert mot kjedesaum og detaljsaum, men denne marknaden minka betydeleg og drifta vart difor avvikla i 1962.

Firkløveren konfeksjonsfabrikk eksisterte frå tidleg etterkrigstid og vart starta opp av fire yngre menn frå lokalsamfunnet. Dei tok først i bruk ei tidlegare tyskerbrakke som vart sett opp i Røssøyvågen. Fabrikken spesialiserte seg på å levere dressar sydd etter målsaum, samt uniformer til Det Norske Forsvaret. Det var ti tilsette der ein periode.

Øverås Konfeksjonsfabrikk hadde erfaring å bygge på frå konfeksjonsindustrien både på Aukra og i Vestnes, og Peder Sporsem si verksemd på Nerbø skapte arbeidsplassar for syersker og skreddarar.

I Aukra var det fleire snikkarverkstader. Ein kan trekke fram dei familiebaserte verkstadene «Nerbønå» på Nerbøen, Ingvald Blomsnes sin snikkarverkstad, og snikkarverkstadene på Eikrem, i Julsundet, samt verkstaden «i bukta» på Hukkelberg på Gossen. I Julsundet hadde

ein tidlegare Hollingsæter Trevarefabrikk som hadde ein driftsperiode frå etableringa under namnet Brødrene Hollingsæter frå 1916, til drifta vart avvikla ved inngangen til 1980-talet. I ei tidleg fase produserte bedrifta trerøyr til sikrare vassforsyning. Siste tiåret av drifta omhandla mykje spesialarbeid som mellom anna omfatta trappeløysingar i hus.

#### 4.5.8 Tidleg maritim industriutvikling

For Aukra og heile kystdelen av Romsdalen er utviklinga av ein tidleg mekanisk industri retta mot fiskeri og sjøfart av stor historisk betydning for næringslivet. Framveksten av den maritimt retta industrien i Røssøyvågen må sjåast i samanheng med ei modernisering og effektivisering av fiskeflåta, frå inngangen til 1900-talet og utover i mellomkrigstida. Det var ikkje tilfeldig at Røssøyvågen vart eit sentrum for mekanisk industri retta mot sjødrift. Som etablert fiskevær med handelsverksemd frå 1890-åra av, hadde det grodd fram både sjøhus, eit fiskemottak, samt ein landhandel i regi av Hans Mevold. Det vaks etter kvart fram privathus og sjøhus som gjorde Røssøyvågen til ein tettstad på Gossen. Kort veg til silde- og torskefelta var eit stort pluss, og Røssøyvågen vart ein stad som tilreisande fiskarar søkte seg til under sesongfiskeria. Det skapte folkeliv, arbeid, samferdsel og økonomisk framgang for dei involverte og for lokalsamfunnet.

Etableringa av Røssøyvåg Motorverksted i 1916 i regi av Peder M. Hjertvik og Sigurd Riksfjord, hang saman med at dei såg eit auka behov for at ein lokalt kunne yte tenester som motorreparasjonar og anna mekanisk service for fiskeflåta. Av andre markante industrietableringar i Aukra er drifta til Hukkelberg Slip og mekaniske verkstad, som vart etablert i 1938, og Aukra Bruk A/ S i 1949 i Nerbøvågen. Begge var heilt sentrale etableringar for seinare langtrekkande næringsutvikling og lokal sysselsetting i Aukra.

Sea Snack Packing & Co vart starta opp i Sjøvika i Løvika på Gossen. Dette var ein hermetikkfabrikk som lokalt vart kalla «snasjinj». Tidleg produksjon var kippers i form av røykte storsildfiletar, seinare vart det brukt småsild og brisling i produksjonen. I 1954 hadde firmaet vorte ein betydeleg arbeidsplass for kvinner, som utførte både manuelt arbeid og samlebandsarbeid. Råvarene vart levert av ein båttype kalla føringsbåt, som frakta silda og brislingen frå fiskarane sine notsteng. Produksjonen omfatta både fiskemat, silderogn, kjøthermetikk, prøveproduksjon av gulasj, samt krabbe i hermetisk form. Eigarfirmaet USF i Bergen påførde hermetikkboksane etikettar og forsynte marknaden med ferdigstilte produkt. Fabrikkens drifta i 1975.

Når det gjeld fiskeindustri og fiskemottak kan ein og nemne ei sesongprega drift på Rindarøya, på Kjølningane, i Røssøyvågen, Sporsemosen og i Juvika og Løvika. Dette var arbeidsplassar som omfatta både kvinner og menn. På Rindarøya vart det etablert eit fiskemottak i 1863 av handelsmannen Nicolay Petter Dahl frå Molde som fekk bygselkontrakt på «Holmen». Storsildfiskeria med sildesalting og eksport til Russland var basis for denne tidlege drifta på holmane kalla «Kjølingan». Frå første halvdel av 1900-talet vart det etablert fiskemottak og trandamperi. Drifta heldt seg oppe til 1960-talet.

Torvfabrikken som vart starta i Løvika frå 1915 til 1922, baserte seg på at kol vart ein knappheitsressurs i mellomkrigstida. Difor vart torv som fyrings- og brenselkjelde ettertrakta som erstatning for kol og nytta meir industrielt. Torvbryting var tungt og tidkrevjande, men det var billeg brensel. Torvtaking til eige hushaldsbruk med «torvspeie» og torvebåre hadde i lang tid vore brukt av gardbrukarane til brensel på Gossen. Gjennom den meir industrielt retta torvfabrikken vart torva spadd opp frå myra og elta maskinelt. Etter tørkartida på myra og seinare i torvløer, vart det kappat torvflak som vart lagt i sekkar og frakta via løypestreng til kaia for utskipping. Kundane var mellom anna ein sildeoljefabrikk og stimbåtar som gjekk i fart langs kystleia. Arbeidsdagen var fastsett til ti timar med ei timeløn som på 1 krone i

timen, og det var ei høg arbeidsløn. Kring 20 personar hadde i den mest intense driftstida arbeid ved torvfabrikken. Timeløna var så høg at arbeidet vart etterspurd av arbeidskarar lokalt.

#### 4.5.9 Aukra Hval a/s

Etableringa av firmaet Aukra Hval a/s vart eit eineståande industrielt føretak innanfor maritim næringsveg på Romsdalskysten. Firmaet fekk konsesjon i 1924 til å drive kvalfangst med Aukra som base.

Kvalstasjonen vart bygd opp på Nyhamna, og var den første industriarbeidsplassen i lokalsamfunnet i slik ein skala. Plasseringa av stasjonen vart gjort med tanke på kort veg til kvalfangstfeltet ved Storegga. Utover kvalfangsten av storkval vart det drive havforskning i regi av Universitetet i Oslo, og meir kommersiell forskning for å fremme kvalfangst generelt. Dette var to banebrytande arbeidsfelt som var knytt til kvalstasjonen på Nyhamna.



Aukra som lokalsamfunn og resten av landet opplevde økonomiske nedgangstider som medførte høg arbeidsløyse og høg gjeldsbyrde i mang ein heim. Kvalstasjonen vart ein kjærkommen arbeidsplass med lønnsinntekt og fast arbeid. Grunna dårlegare fangstresultat utover 1930-talet vart økonomien til kvalstasjonen prega av for låg inntening, og i 1938 tok drifta slutt. Krigsutbrotet i 1940 sette ein endeleg stopp for å ta i bruk anlegget vidare, og det vart ståande til forfall. I dag inngår det som eit industrielt kulturminneområde innanfor etableringa av landanlegget på Nyhamna.

#### 4.5.10 Etablering av nybrottsbruk gjennom ordninga Ny Jord

Den norske staten hadde gjennom tid oppmuntra til å etablere bureisarbruk der tilhøva for å drive jordbruk var gode, men jorda av ulike årsakar låg ukultivert og var å rekne som uproduktiv. Det Norske Myrselskap og den seinare private ordninga med statstilskot for å fremme etablering av bureisarbruk kalla «Ny Jord», greip markant om seg i Møre og Romsdal. I fleire kommunar vart myra drenert og dyrka opp til landbruksjord. Dette gjaldt mellom anna i Fræna, Eide, Smøla, Rindal, Tingvoll og på Furlandsmyrene mellom Vestnes og Tomrefjorden.

For Aukra sin del vart det kjøpt eit større felt kalla Nylandsfeltet. Feltet vart kjøpt gjennom statlege tilskot til uthus, rentefritak for etableringslån og auka tilskot til jorddyrking. Dette vart administrert av landbruksselskap og jordstyre. Frå 1925 fekk landbruksselskapa statsmidlar til bureising etter same prinsipp som tilfellet var for Ny Jord-ordninga. Møre landbruksselskap kjøpte først det som vart heitande Nylandsfeltet på Kvalmyrane i 1926, og eit anna bureisingsfelt vart etablert på Horrem. Dette har vorte kalla Ny-Jord. Samla areal var på 2200 dekar (mål), og arealet vart fordelt på 12 nyreisingsbruk i storleiken 100-300 dekar. Det vart dei første åra bygd 4,5 kilometer vegsamband og grave 400 meter med kanalar som leia vekk vatnet. Bruka vart selde til bureisarar på nemnte gunstige tilskots- og lånevilkår.

Ei oversikt frå 1921 viser at det var 18 bureisingsbruk i fylket, medan det i 1930 var 69 bruk. Nasjonalt sett vart det gitt tilskot til over 10.000 bureisingsbruk mellom 1921 – 1936. Over 180.000 dekar landbruksjord vart dyrka opp. Ordninga heldt fram i ein mindre målestokk nasjonalt fram mot slutten av 1970-åra. I 1972 slo staten saman bureisarordningane Ny Jord og Det Norske Myrselskap.

#### 4.5.11 Den tyske krigsmakta sin okkupasjon

Okkupasjonen i regi av den tyske krigsmakta medførde ei storstilt tvangsflytting av innbyggjarar frå heimane sine. Ingen andre stader i Møre og Romsdal fekk så store endringar på grunn av okkupasjonen som Aukra kommune og særleg Gossen. Dette siste er eit moment som ein bør vektlegge, og som sett Aukrasamfunnet i ei særstilling.

Aukrasamfunnet vart utbygd for å tene krigsstrategiske mål, og entreprenørverksemda medførte store endringar i landskapet. Eit døme på dei massive tyske utbyggingane er Organisasjon Todt si utbygging av Smågeleiren. Eit oversiktskart som er bevart etter okkupasjonsmakta viser heile 61 bygningar og latriner i området på Småge. Hensikta militærstrategisk, var å etablere ein av to hovudflyplassar for det tyske flyvåpenet Luftwaffe sine krigsfly i Sør-Noreg. Gossen vart prioritert bygd ut på grunn av den tyske overkommandoen si overtyding om ein kommande alliert landgang i Noreg. Det var òg eit viktig moment sett frå tysk militær ståstad, at ein fekk etablert ein flyplass som kunne sikre kystleia og luftrommet militærstrategisk mellom byane Bergen og Trondheim.



Den militære etableringa medførte tvangsflytting av sivile i stor skala. Av 2000 innbyggjarar vart 800 personar tvangsflytta frå heimane sine, og to tredjedelar av øya vart bygd ut til ei militær festning. Det var 2000 tyske soldatar og offiserar, 838 krigsfangar, samt 1500 tvangsutskrivne norske statsborgarar og 600 sivile utlendingar på Gossen. Det var minst 12 ulike nasjonar representert blant desse. Det er 30 krigsfangar av aust-europeisk opphav som kviler på Aukra kyrkjegard. Kva okkupasjonen innebar for innbyggjarane i ein mental, så vel som i praktisk forstand er vanskeleg å skjønne rekkevidda av. Heimar vart okkupert og øydelagt. Folk vart innkvartert i nabokommunar og både dyrkamark og utmarksareal vart minelagt.



Okkupasjonsmakta forflytta krigsfangar til kommunen for å gjere tvangsarbeid. Dei aust-europeiske fangane vart behandla som slavar grunna nazistisk raseideologi. Dei måtte tene krigsindustrielle føremål og fekk ikkje tilgang på pakkesendingar frå Røde Kors. Tyskland meinte at slike rettigheter for krigsfangar falt vekk når Sovjetunionen ikkje hadde ratifisert Genevekonvensjonen om krigsfangar sine rettigheter. Lokalhistorikarar i Aukra anslo på 1990-talet, i samband med krigshistoriske registreringar, at det eksisterte over tusen restar av murar, skyttargraver, bunkersar, artilleristillingar, maskingeværstillingar og andre militære føremål som er fysiske spor i landskapet etter okkupasjonen.

Styvar ved fiskerifagskulen frå 1940, Sven Sømme, var ein sentral motstandsmann innanfor etterretningsorganisasjonen XU, som stod i direkte kontakt med den norske eksilregjeringa i London. Sømme var sjef for ei spionasjeverksemd som dreidde seg om å avfotografere og kartfeste tyske militære utbyggingar som til dømes torpedobatteri, kystfort og flyplassar. Sømme sine livsfarlege oppdrag hadde ikkje vore mogleg å gjennomføre utan lokalkjente agentar som Sigurd Julnes og andre lokale motstandsmenn. Dei riskerte liv og helse i høve tysk straffeprosess for etterretningsarbeid og spionasje. Sven Sømme vart avslørt under eit fotograferingsoppdrag på Klauset i Midsund. Han vart teken til fange og transportert til Åndalsnes. Sannsynlegvis venta det ein dødsdom via militær standrett, men han rømte og kom seg til Sverige via Romsdalsfjella. Seinare ga han ut boka «En biolog på flukt». Historia om Sven Sømme er eit døme på ei lite kjend krigshistorie av lokal, regional og nasjonal verdi.

I dag framstår framleis okkupasjonstida frå åra 1940-45 som noko meir djuptgripande enn ei rein forteljing frå «gamle dagar», eller som reine kulturminne av materielt synlege spor frå okkupasjonsmakta sine utbyggingar. Krigen er framleis, på trass av ein avstand over tid og rom, ei vond tid å minnast for ein del av dei eldste innbyggjarane i Aukra.



## 5 Tematisk oversikt over kulturminna i Aukra

Dette kapittelet har ei tematisk oversikt over kulturminna i Aukra kommune. Den skal vere eit representativt utval av Aukra si kulturhistorie som i ein eller anna forstand skal bevarast for framtida. Dei automatisk freda kulturminna frå før 1537 er alt under formelt vern, men det er likevel tatt med nokre av dei fordi det ligg eit potensiale i formidling av den eldste historia vår. Oversikta har også med alle innspel frå folkemøte på Gossen og Julsundet i samband med utarbeiding av «Plan for kulturminnearbeidet i Aukra 2014-2016».

### 5.1 Automatisk freda (før 1537)

- 12.000 år gamle spor etter menneskeleg aktivitet på Nyhamna
- Fosnakulturen i Aukra
- Gravrøyser, 160 gravrøyser (pr.1967)
- Bautasteinar (spesielt røysa på Tangen og i Aukraskogen)
- Gardsbusetnad frå jernalderen nord for Aukra kyrkje

### 5.2 Samferdsel / kommunikasjon

- Restar etter gamlevegen til Molde. Gamlevegen – landeveg som gjekk mellom Hollingen - Gauset – Mordal - Molde. Delar av denne er enno godt synleg.
- Rodesteinar. Nokre i tilknytning Gamlevegen kan vere oppbevart på Romsdalsmuseet i Molde. Ein rodestein står enno intakt på Eikrem. Den har inngravert rodetal på seg. Ein vegstein i tilknytning til denne steinen vert oppbevart i privat eige av grunneigar. G.nr og B.nr er hogd inn i steinen.
- Hålleiva, oppmurt høg mur, stabbesteinar. Hålleiva – eit namn på del av vegstrekning i Julsundet, den gamle riksvegen til Molde. Originale stabbesteinar står der enno. Desse er oppmurte og intakte. Vegen er sidan vegomlegging på 1970-talet relativt gjengrodd.
- Bru over Vollelva på Smedbøen i Julsundet. Ei gråsteinbru med større steinheller til brudekke. I bruk til trafikk fram til 1975. Bli brukt framleis som køyreveg periodevis til anleggsdrift. Vollelva vart på 1940-talet nytta til kraftproduksjon av Hollingseter Trevare via oppnemning og tillaging av dam.
- Posthus i Julsundet og landpostbud. Posthuset var på garden Mevold eller «på Vollå». Ivar Gauset var landpostbud i lang tid.
- Sirkulære, skriftleg beskjed til mange vart sendt frå gard til gard.
- Telefon/telefonsentral. Aukra telefonsentral vart flytta frå Dalheim til Dalen i 1923 (Bakkemyra, G.nr 13 B.nr 76) Sentralen vart automatisert og lagt ned i 1973.
- Rutebåtar/ferje. Det første sambandet mellom Molde og Gossen vart opna i 1870 med to anløp i veka. I 1947 vart fergesambandet Aukra-Hollingsholmen - Sundsbøen opna.

- Sambandet med Rindarøya. I 1960 vart Statens Havnevesen ferdig med moloen som gjorde Rindarøya landfast med resten av Gossen. Før det måtte ein bruke båt.

### 5.3 Skular

- Fanghol skule. Bygd i 1886 og var i bruk til 1940.
- Solem skule. Eige skulehus frå 1863 (teke i bruk på nyåret 1864), opphavleg ei røykstove frå Trestjord.
- Breivik gamle skule, Sporsem skule, Nerbø skule og Rindarøy skule.

### 5.4 Landbruksmiljø og landbruksbygningar

- Aktuelle miljø, kystbonden, Løvikremma og andre gardar
- Husmannsplassar, torvløe
- Prestegarden, torveløe
- Torhaugmyra, Matberget og Lauvåsen på Julsundet
- Sommarfjøs på Julsundet og på Gossen
- Kvernhus, setrer: Fangholsetra, Eidskremsetra, Prestsetra, (Pesetra, Hanssetra, Gammelsetra er ikkje synlege)
- Mjølkarhaugen. Dette er ein slett haug i terrenget som ligg nært «Peskaret» og Langmyra i Julsundmarka. Namnet heng saman med at dette var fast mjølkestad for kyrne på utmarksbeite i samband med seterdrifta.
- Mjølkeramper. Det står pr. 2016 att ei ombygd mjølkerampe på Hollingseter i Julsundet. Vert nytta til postkassestativ. Mjølkerampane var vanlege i alle bygdelag med gardsdrift før det vart vanleg å hente tankmjølk sist på 1960-talet.
- Pelsdyroppdrett. I Julsundet dreiv fleirtalet av gardane med pelsdyroppdrett. Det var vanleg å halde sølvrev frå mellomkrigstida til fram på 1950-talet. Frå 1960-talet vart det på nokre gardar satsa på minkoppdrett og blårev. Pelsdyroppdrettarane drog til Oslo skinnauksjoner for å omsette pelsverk. Det står i 2016 att eit «kvalpeskur» på Lauvåsen i Julsundet. Pelsdyroppdrett var òg vanleg på Småge på Gossen i same tidsrom.

### 5.5 Kyrkje og Bedehus

- Kyrkja og Påskeliljemarka
- Rød, Betania, Klippen og Breivik bedehus




## 5.6 Byggetradisjonar

Spesielt for Aukra sin byggeskikk (utover fleire særmerkte nausttypar, mellom anna nytta til landnotfiske som er registrert på kulturminnesøk.no) kan desse to byggetypane vere eit døme på:

- Stabbur. I ein artikkel har tidlegare konservator hjå Romsdalsmuseet, Signy Haraldsen kalla Aukra for «stabbursbygda». Eit stabbur som står på Rød er datert 1752. Årstalet står skore inn i eine veggen. Stabbur finn ein i mange kommunar, men tettheita mellom dei var for Aukra sitt vedkommande stor, sett i eit regionalt perspektiv.
- Eldre bustadhus med skeivtekte tak. Det står eit slikt hus i Hjertvik-krysset på Gossen. Typisk for denne byggeskikken var funksjonalitet med torvsjø på eine langsida av bygget, med svalgang. Nokre av desse husa hadde to inngangar via gavlen og / eller gang midt i huset. Bruken var lagring av matvarer som kjøt, avkjøling av mjølk, og oppbevaring av fiskegarn. Torva vart lagra i bustadhuset for å ha lett tilgang på brensel.

## 5.7 Tekniske og industrielle kulturminne

- Aukra Kval
- Nyhamna
- Aukra Maritime AS
- Vard AS
- Brødr. Hukkelberg Mek. Verkstad AS
- Røssøyvågen Slip
- Kraftstasjon og demning, taubane
- Øverås Konfeksjonsfabrikk
- Solbakken Skreddarverkstad, sydamer og bygdeskreddarar, Meteor Konfeksjonsfabrikk (Ivar Tronsmo), Lønset konfeksjon, Firkløveren konfeksjon, Nerbø Konfeksjon (Peder Sporsheim på Nerbøen), A.O. Solheim konfeksjonsfabrikk, Konfeksjonsfabrikken på Aukrasanden (Nerlandsrem)
- Brødr. Hollingsæter trevarefabrikk
- Snikkarverkstader; Karl Nerbø, Knut Eikrem, Rasmus Hukkelberg, Ingvald Blomsnes



## 5.8 Fiske / fiskeforedling / fiskemottak

- Båten si utvikling
- Reiskapen si utvikling
- Korleis og kvar ein fiska (inndeling i rorar/roræ)
- Organisering/høvedsmenn

- Naustmiljø på Eikrem, nothus Varhaugvik, naustmiljø Julsundet
- Notnaust i Seterbukta (Fanghol)
- Notheng Røssøyvåg
- Kilenotfiske etter laks
- Sildefiske, landnot/notlag
- Gamlehampen og andre båtar
- Fiskemottak i Røssøyvågen, Rindarøya, Kjølingan, Juvika, Sporsheimosen, Sea Snack AS, Reitenbua, salteri og fleire.

## 5.9 Immaterielle kulturminne

- Historieforteljingar
- Musikk
- Gamle bilde
- Klesdrakter
- Mattradisjonar
- Handverkstradisjonar/verky
- Lag og foreiningar, med m.a. møteprotokollar som kjelde
- Tru og kristenliv
- Stadnamn



## 6 Å tenka heilskapleg

Når nye prosjekt vert starta er det viktig med ei brei oppslutning om prosjektet. Dette kapitlet er meint som ei huskeliste til planleggingsfasa.

### 6.1 Formidling

#### 6.1.1 Askeladden og kulturminnesøk

Askeladden er Riksantikvarens nasjonale registreringssystem for kulturminner. Dette er ein database som inneheld data om kulturminne og kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan- og bygningslova, eller dei registrerte kulturminna er kulturminnefagleg vurdert som verneverdige. Basen omfattar arkeologiske kulturminner som er automatisk freda, eller som krev vidare undersøking før fredingsstatus kan fastsettas (uavklart vernestatus). Den inneheld også nyare tids kulturminne som er freda, midlertidig freda, verna etter plan- og bygningslova eller sett på som verneverdige. Med «nyare tids kulturminner» meiner ein etter-reformatoriske bygg, anlegg og kyrkjer (etter 1537).

SEFRAK-registrerte bygningar er ikkje lagt inn i Askeladden, men er tilgjengeleg via karttenestene. Dette er registreringar gjort over fleire tiår fram til midten av 1990-talet og omfattar bygningar som er vurdert til å ha kulturhistorisk verdi, men ikkje er vedtaksfreda via lovgjevinga mot fasadeendringar eller riving. SEFRAK er digitalt tilgjengeleg via karttenesten GisLink. I Kulturminneatlas.no er det 44 artiklar om kulturminne i Aukra kommune.

Offentleg registrerte kulturminne-lokalitetar i Aukra	Antal
Automatisk freda kulturminne frå før 1537 (før-reformatorisk)	232 lokalitetar
Objekt i hovudsak frå perioden 1537-1900 (ref. SEFRAK-registeret)	283 objekt

Kulturminnesøk syner informasjon om over 150.000 kulturminne som er registrert i den nasjonale databasa Askeladden. I tillegg har Askeladden opplysningar og bilete frå fleire andre kjelder og frå publikum. Arbeidet med registrering av krigsminne i systemet kulturminnesøk.no er godt i gang. Systemet er enkelt å bruke. For best mogleg resultat og formidlingsverdi er Aukra kommune avhengig av eit godt samarbeid med frivillige for å kunne registrere informasjon og foto.

Registrering av eit representativt utval av dei ulike typane kulturminne av immateriell og materiell karakter er tidkrevjande, men viktig å prioritere no medan dei enno kan registrerast. Det vil vere behov for jamleg oppdatering av kulturminneplana i åra som kjem.

#### 6.1.2 Formidling og reiseliv

Ein attraktiv destinasjon er eit reisemål med innhald, ein plass du kan få noko ekstra. Øyriket i Romsdal er ein viktig arena for formidling av Aukra sine kulturminne-skattar. Gjennom marknadsføring av Øyriket i Romsdal som reisemål er dette ei av satsingane som bidreg til å

knyte saman kulturminne og næring. Gjennom oppdatering av Øyriket-kartet, publisering på øyriket.no og i det årlege Øyriket-Magasinet, vil det vere prioriterte arenaer for formidling av kulturminna som reisemål i kommunen.

Stikk-UT! har omlag 10.000 brukarar. Gode, innhaldsrike turstiar kan profilerast og marknadsførast gjennom slike friluftslivsatsingar.

Det er også viktig å ha eit godt samarbeid med service- og reiselivsbedriftene i Aukra slik at dei også kan medverke til formidling av kulturhistoria som gjestane kan oppleve i Aukra.

### 6.1.3 *Digitalt Museum*

Digitalt Museum er ein nettstad med personlege forteljingar frå kulturinstitusjonar og privatpersonar. Frå januar 2016 omfattar nettstaden også Digitalt Fortalt, som har vore eigen nettstad innanfor tilsvarande historisk formidling. Forteljingane er knytt til kulturarv. Målet med Digitalt Museum er å vise breidda av tema som vert fortalt av eit stort mangfald av forteljarar.

Arkiv, museum, historielag osv. er reine skattkammer. Dei inneheld mange spennande historier frå samtid og frå fjern og nær fortid. Kulturrådet ønskjer at arkiv, musea, frivillige lag, foreiningar og enkeltpersonar tek i bruk Digitalt Museum for å formidle sine forteljingar. Digitalt Museum er og eit verkty for å byggje kompetanse i digital formidling.

### 6.1.4 *Heimeside og kommuneavis*

Kommunen si eiga nettside og Kommuneavisa kan i mykje større grad enn i dag formidle kulturminna i kommunen. Til dømes kan «månadens kulturminne» vere ein god måte å løfte det historiske arbeidet opp og fram. Ulike kulturminne frå ulike typar kulturmiljø vert presentert, og på sikt vil dette bli ei digital utstilling med stor formidlingsverdi, samt medverke til auka interesse for kulturminna som enkeltobjekt og kulturminnevernet generelt. Dette vil vere positivt i høve å skape engasjement for det historiske arbeidet, uavhengig av kvar folk er busett.

Når gode nasjonale app-løysingar er på plass ønskjer Aukra kommune å vere raskt ute med å ta desse i bruk.

## 6.2 «Partnarpool»

For gjennomføring av det vidare arbeidet er det viktig å etablere ein «partnarpool» kor ein kan hente moglege samarbeidspartnarar til prosjekt. Dette kan vere i:

- Kulturrådet
- Kulturminnefond
- Fylkeskommunen
- IKA – Interkommunalt arkiv i Ålesund
- Andre kommunar
- Nasjonalbiblioteket
- Riksantikvaren
- Bibliotek og arkivinstitusjonar
- Forskingsinstitusjonar, Universitet, Forskningsråd
- Museum, Maihaugen (med ansvar for immateriell kulturarv)
- Romsdalsmuseet (kunnskap om kystkultur og tradisjonsbygg)
- Gardsmuseet Løvikremma, avdeling av Romsdalsmuseet på Aukra
- Skule og undervisningsinstitusjonar



- Øyriket i Romsdal og andre prosjekt
- Visit Northwest
- Næringsfora
- Innovasjon Norge
- Private bedrifter, for eksempel innafor bevertning/overnatting/opplevingar/transport
- Legat og fond

### 6.2.1 Regional delplan for Kulturminne av regional og nasjonal verdi

Fylkestinget gjorde i sak T-33/15 i møte 15. juni 2015 samrøystes vedtak om regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi. Planen er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider, saman med andre dokument knytt til saka. Sjå [www.mrfylke.no/regionalplan](http://www.mrfylke.no/regionalplan). I tillegg skal den vere å finne på Aukra kommune sine heimesider. Aukra kommune skal i kulturminnearbeidet ta omsyn til dei prioriteringar som er vedteke i denne planen.

### 6.2.2 Samarbeid med frivillige

Etablering av frivillig historielag er eit satsingsområde for Aukra. Kommunen er avhengig av frivillige lokalhistorikarar sin kompetanse og kjennskap til dei ulike kulturminna, samt forteljingar knytt til desse. Det er eit ibuande og framtidig behov å få løfta fram både materielle og immaterielle kulturminne som formidlingsverdiar. For å oppnå ei slik målsetting er det viktig å inkludere interesserte personar frå lokalsamfunnet. Dei frivillige si historiske kompetanse og samkjensla deira med eiga kulturarv skal vere ein del av ryggmargen i kulturminneplanen.

Ved å fremje ei aktiv deltaking frå innbyggjarane si side i arbeidet, vil det bidra til å auke kunnskapen og interessa om lokale kulturminne, samt at kulturarven vert formidla til nye generasjonar. Det er ei målsetting at kulturminnearbeidet skal skape positive ringverknader både for innbyggjarar, så vel som næringsliv og over tid også kunne bidra til å oppnå auka verdiskaping i kommunen.

## 6.3 Kultur som næring

Det er mange gode eksempel frå hele landet der kultur og opplevingar vert brukt aktivt i arbeidet med å utvikle spennande og attraktive stader. Den fysiske kulturarven med kulturminne og kulturmiljø kan vere viktige ressursar både for kulturnæringane, lokalsamfunn og regionar. Aukra kommune skal stille seg til rådighet som fagpersonar og brubyggjarar for at næringslivet også skal kunna nytte seg av kunnskapen og potensialet som ligg i kulturminna i Aukra. Gjennom ei heilskapleg satsing på bevaring, tilrettelegging og formidling kan kommunen medverke til å vidareutvikle Aukra som destinasjon.





## 7 Handlingsplan 2017-2020

Handlingsplanen er delt opp i årstal og tidsperiodar. Nokon av prosjekta strekker seg over heile peioda og andre vil vere satsingsområder eit bestemt år.

Dei prioriterte måla skal vi nå gjennom å vidareutvikle det gode samarbeidet med frivillige som har stor kunnskap innafor dei ulike områda. Ei overordna målsetting i arbeidet vil vere formidlinga. Det er gjennom formidling at kulturminna blir levande, både som identitetsbyggerar og som eit ledd i vekst og reiseliv. Det vil då vere viktig å ha eit bevisst forhold til grensegangane mellom næring og kulturminne. Vi skal følgje med i utviklinga av digitale formidlingsverktøy og gjere vurderingar i prosjekta som skal gjennomførast.

Kulturminneplana vil gjelde for ei fire års periode, medan handlingsplanen skal rullerast årleg.

### 7.1 Tiltak som er starta i 2016 men ikkje fullført

#### *Krigsminne*

Aukra kommune har ei historie som er prega av okkupasjonsåra 1940-45. Det er framleis ei lang rekke krigshistoriske kulturminne i kommunen. Dette gjeld mellom anna artilleristillingar knytt til okkupasjonsmakta si etablering av flyplass, luftartilleristillingar og kystfortanlegg på Gossen. Mykje arbeid er allereie lagt ned for å ta vare på desse kulturminna, men den sterke historia fortener på ny å bli løfta fram i dagen.

Opplevingsverdien av kulturminne og landskap kan auke ved å gjere nokre enkle oppgraderingar av til dømes nærliggande turstiar. I tillegg til at lokalbefolkninga får auka kunnskap og føler ein identitet til dei lokale kulturminna, er det eit sentralt moment at dette arbeidet kan bidra positivt også for reiselivsnæringa. Aukra kommune er ein del av Øyriket i Romsdal saman med kommunane Sandøy og Midsund. Her går næringsliv og kommune saman om å fremme opplevingar og attraksjonar for folk som kjem på besøk. Øyriket i Romsdal si historie er eit av fleire viktige element i denne satsinga.

I 2015 og 2016 har det vore nasjonalt fokus på andre verdskrig. Fleire prosjekt på dette området er godt i gang. Aukra kommune ønskjer å bygge vidare på dette, samt erfaringane som ligg i prosjekta. Krigshistoria vår er blant våre nyare tids kulturminne og ligg ikkje under noko formelt vern. Det er difor opp til kvar enkelt kommune å sørgje for å ta vare på si eiga krigshistorie på ein hensiktsmessig måte.



### 7.1.1 Falkhytten krigsminne – bunkers og artilleristilling

Aukra kommune fekk i 2016 tilskot på kr. 15.000,- frå fylkeskommunen til arbeidet med restaurering av bunker på Falkhytten. Arbeidet starta opp i 2016.

Forslag til tiltak	Aktuelle samarbeidspartnarar	Kostnadar
Gjere bunker tilgjengeleg ved å rydde skog og kratt, drenere og sikre der det er muleg	Fylkeskommune, frivillige Vert samkjørd med prosjekt når energibrønner til Aukra Omsorgssenter vert ferdigstilt	Kr. 150.000,-
Opparbeide området med sti og rasteplassar		
Skilting	Fylkeskommunen, frivillige	Kr. 20.000,-

### 7.1.2 Kartlegging, registrering og oppdatering

Registrering av nyare kulturminner, samt gjennomgang av allereie registrerte kulturminner må gjennomførast med tanke på formidling. Det er gjort eit stort frivillig registreringsarbeid innafør mange område som vil vere med å danne grunnlaget for vidare arbeid.


Kartlegging, registrering og oppdatering vil vere eit kontinuerlig arbeid.

Registrering av nyare tids kulturminne, samt få oversikt over kva for registrerte kulturminne som har gått tapt med åra, vil vere to sentrale oppgåver.

Fylkeskommunen anbefalar også prioritering av nyare tids kulturminne i kommunen. I dette prosjektet håpar vi å engasjere lokale, frivillige krefter.

Det finst oversikt over tidlegare registrerte kulturminne frå eldre tid i digitale databaser, men vi veit dei ikkje er komplette. Det er ønskeleg med ei så komplett oversikt som mogleg også over desse, samt oppdatere registreringar av dei kulturminna som no er borte.

Det første prosjektet vert å kartlegge og samle informasjonen i ein søkbar base; <http://www.kulturminnesok.no/>. Her har alle muligheit til å sjå og lokalisere dei enkelte kulturminna i kartet. Det er også muleg å opprette ein brukar for å legge inn egne registreringar. Når mange bidreg med registreringar vil kulturminnesøk kunne bli eit godt verkty i framtida.



Forslag til tiltak	Aktuelle samarbeidspartnarar	Kostnadar
Kartlegge og samle eit representativt utval av kommunen sine kulturminne og kulturmiljø som avspeglar kulturhistoria vår i <a href="http://www.kulturminnesok.no/">http://www.kulturminnesok.no/</a>	Historielag og andre frivillige	Kultursekretær vil vere ansvarleg for igangsetting og koordinering av arbeidet

### 7.1.3 Aukra fotoarkiv

Ivaretaking og formidling av fotoarkivet vil ha prioritet fram mot 2020. Aukra kommune har eit veksande fotoarkiv som i dag er fordelt på fleire stader. Romsdalsmuseet har tidigare gjort ein større digitaliseringsjobb for Aukra Kommune. Det er ønskeleg å sjå om det finst andre måtar som vil gjere det lettare å samle informasjonen om bilete i lag med det digitale eksemplaret.

Forslag til tiltak	Aktuelle samarbeidspartnarar	Kostnadar
Oversikt over bilder, samt samle informasjon og bilder i eitt digitalt arkiv	Aukra Sogenemnd, Aukra folkebibliotek, fylkesfotoarkivet, næringsliv og frivillige	Total kostnad ikkje berekna
Årleg fotoutstilling på folkebiblioteket for å skape engasjement og ny informasjon om aktuelle tema. (Jfr. Utstillinga i 2016 – «Kva sa brura?»)	Aukra Sogenemnd, Aukra folkebibliotek, næringsliv og frivillige	

### 7.1.4 Arbeidet til motstandsmannen Sven Sømme

Sven Sømme var rektor på Fiskarfagskolen og dreiv hemmeleg etterretningsarbeid på Gossen under krigen. Han var leiar for ei gruppe på 56 XU-agentar etter kva vi veit i dag. No arbeider ei gruppe frivillige med å tilføre historia til Sven Sømme ny og fram til no ukjend informasjon.

Nylansering av boka «Ein biolog på flukt» er under planlegging. Dette er eit spennande prosjekt, med eit stort utviklingspotensiale, som Aukra kommune får mulegheit til å samarbeide om. Historia til Sven Sømme er av både lokal, regional og nasjonal verdi. Vår oppgåve er å ta vare på, innhente og synleggjere ulike kategoriar krigsminne.



Forslag til tiltak	Aktuelle samarbeidspartnarar	Kostnadar
Samarbeide med gruppa om formidling, både i samband med nylansering av boka, samt sjå på muligheiter for å bruke historia til å fremme turoppliving i Aukra og i Øyriket i Romsdal.	Prosjektgruppe v/Asbjørn Windstad, Sven Erik Skarsbø og Bertram Sømme Hustad	Det er for tidlig i prosjektet til å berekne dei totale kostnadane

## 7.2 Tiltak med planlagt start 2017-2020

### 7.2.1 Istandsetting og skjøtsel på Kleivhaugen og Purkeneset

Aukra kommune fekk i 2016 tilskot på kr. 20.000,- frå fylkeskommunen til arbeidet med restaurering av bunkeranlegg på Kleivhaugen og Purkeneset, slik at desse kan gjerast meir tilgjengeleg for publikum. Avtale med grunneigarar må først vere på plass før arbeid kan starte opp.



Forslag til tiltak	Aktuelle samarbeidspartnarar	Kostnadar
<u>Skjøtseltiltak – Kleivhaugen</u> Bunkers og artilleristillingar. Sikring av bunkersanlegg  <u>Skjøtseltiltak – Purkneset</u> Større bunkersanlegg. Rydding av skog, kratt og dreneringsarbeid. Istandsetting og skjøtsel, sensorlys i bunkerane, informasjonstavler,  <u>Informasjonsformidling</u> Kan vere både digital og skriftleg	Grunneigarar, frivillige, historielag, fylkeskommunen.	Kr. 138.000,-

### 7.2.2 Flytting av sjømine og oppsetting av infotavle i Røssøyvågen

Ved Skyttarhuset står det plassert ei sjømine frå krigens dagar. Denne treng vedlikehald. I det høve er det ønskje om at mina blir flytta til Røssøyvågen og området på kaia, ved lekteren som også er frå krigens dagar. Då lekteren Cretecove kom til Røssøyvågen vinteren 1941/42 var han lasta med utstyr til bygging av flyplassen. Under lossing havarerte Cretecove ved kai.



Forslag til tiltak	Aktuelle samarbeidspartnarar	Kostnadar
Flytting av sjømine	Aukra Jeger og Fiskerforening, frivillige	Kr. 35.000,-
Informasjonstavle med tekst og bilder	Frivillige historikarar	



### 7.2.3 Formidling

Basert på formidlingsprosjektet «: Krig» skal det lagast eit liknande prosjekt for 2017. Temaet for 2017 blir «Oppvekst».

Forslag til tiltak	Aktuelle samarbeidspartnarar	Kostnadar
Lage minimum 6 arrangement rundt temaet «Oppvekst»	Nasjonalbiblioteket, frivillige, sogenemnda og andre	Kr. 40.000,-

### 7.2.4 Immateriell kystkultur

Ei viktig kjelde til næring på kysten har vore silda. Kunnskapen om tradisjonsmaten er forsvinnande, samtidig som interessa for mat og matkultur er stigande. Leiar i Sogenemnda, Bjørg Hukkelberg, er i gang med eit innsamlingsprosjekt av tradisjonsoppskrifter frå Aukra. I tillegg til at det kjem ein artikkel om temaet i «Aukra gjennom tidene», er det ønskjeleg å bruke materialet som grunnlag i ei meir praktisk formidling.

Forslag til tiltak	Aktuelle samarbeidspartnarar	Kostnadar
Lage og servere tradisjonsmat basert på dei gamle oppskriftene; Til dømes som del av Aukradagen eller som eige arrangement	Frivillige, frivillig historielag, sogenemnda, bygdekvinnelag, Norges Sildesalslag, Romsdalsmuseet	Arbeidsinnsats

### 7.2.5 Skjøtsel av Horrem kvernhus

I kulturminneåret 1997 vart Horrem Kvernhus valt som kommunen sitt kulturminne og restaurert i samarbeid med Romsdalsmuseet. Demninga er ikkje i orden, men kverna er heilt intakt og kan brukast. Demninga bør reparerast slik at kvernhuset igjen kan ta sin plass i formidlinga av korleis livet på Aukra var før. Dette gir gode muligheiter for ei aktiv historielæring retta mot skulane, men også besøkande og lokalbefolkning.



Forslag til tiltak	Aktuelle samarbeidspartnarar	Kostnadar
Reparere demninga / Sette kverna i bruksmessig stand	Romsdalsmuseet, M&R fylkeskommune, velforeiningar, frivillige	Kr. 10.000,-

### 7.2.6 Månadens kulturminne

Vi ønskjer å ta opp att tidlegare praksis, å legge ut «månadens kulturminne» på kommunen si heimeside. Kulturminner frå ulike typar kulturmiljø vert presentert og over tid vil bli ei digital

utstilling som synleggjer ulike typar av kulturminne i Aukra. Ei slik utstilling vil ha ein formidlingsverdi, samt medverke til auka interesse for kulturminna som enkeltobjekt og kulturminnevernet generelt. Dette vil også vere positivt i høve å skape engasjement for det historiske arbeidet, uavhengig av kvar folk er busett.

Mads Hukkelberg si innsamling av tradisjonsstoff frå Gossen og andre delar av Ytre Romsdal er av høg kulturhistorisk verdi. Verdien strekk seg utover lokalhistorisk verdi for Aukra. Desse innsamlingane står seg godt innanfor eit nasjonalt perspektiv når det gjeld immateriell kulturarv. Arbeidet vart gjort i eit tidsrom då det framleis levde personar i bygdelaga som hadde vakse opp med mykje av det gamle bygdelivet sine karaktertrekk innanfor forteljartradisjon, «bygdeoriginalar», arbeidsområde, segner, eventyr mm. Arbeidet til Hukkelberg må òg sjåast på som verdifullt som skildringar av eldre tids bygdeliv av henfaren karakter.

Mads Hukkelberg sine historiske innsamlingar av immateriell kulturarv bør nå langt fleire personar enn kva tilfellet har vore. Formidling av dette stoffet skjer med ujamne mellomrom. Det bør vurderast å auke forteljartradisjonen kring Hukkelberg sitt tradisjonsstoff.

Forslag til tiltak	Aktuelle samarbeidspartnarar	Kostnadar
Bruke månadens kulturminne til å auke interessa for kulturminne og kulturminnevern	Aukra Sogenemnd	Kostnad vert dekt over driftsbudsjett, eining for kultur.
Gjere boka «Folkeminne frå ytre Romsdal» meir tilgjengeleg	Aukra Sogenemnd	

### 7.2.7 Aukra Kulturhus

I samsvar med kommunen si kulturplan skal vi arbeide for at kulturhistoria vår skal vere kjent og lett tilgjengeleg. Kulturminna til Aukra skal vere ein naturleg del av det nye kulturhuset, både gjennom utsmykking og utstilling. Som «Plan for kulturminnearbeidet 2014-2016» framheva, er det viktig å legge til rette for at formidling av historia kan bli så mangfaldig som muleg, der også ulike tider er representert.

Kulturhuset skal vere ein levande arena for formidling, også av kulturhistoria vår. Aukra har eit rikt omfang av materiale og utstillingslokalet kan derfor ha fleire ulike tema i løpet av eit år. Dei historiske objekta kommunen har samla seg, må vere forsvarleg oppbevart. Derfor er gode lagerlokale viktig.

Forslag til tiltak	Aktuelle samarbeidspartnarar	Kostnadar
<b>Pionerbusetjing</b> Synleggjere og formidle steinalderfunn, med hovudvekt på frå Nyhamna som permanent del av utsmykinga i Kulturhuset	Prosjektorganisasjonen for kulturhuset, museum og arkiv, Fylkeskommunen, Riksantikvaren.	Vert sett i samband

<b>Aktiv formidling</b> Arbeide for etablering av utstillingslokale med god sambruk av rommet, samt sikre forsvarlig lagringsplass for objekta.	Prosjektorganisasjon for kulturhuset, museum og arkiv, Fylkeskommunen, Riksantikvaren,	
Utvikle årsplan for rullering av utstillinger i kulturhuset.	Frivillige, sogenemnda, museum og arkiv	Må sjåast i samheng med drift av huset

### 7.2.8 Aukra krigsminnesamling 2019

Arbeidet med Gossen krigsminnesamling starta i 1995 etter at det vart samla inn mykje materiale i høve 50-års markeringa for 2. verdskrigen. Etter nesten tre års arbeid med å samle inn meir materiale og historier, bygge modellar, samt lage presentasjon for publikum, vart samlinga opna i 1998 i Skyttarhuset til Aukra Jeger og fiskerforening. Dette vart realisert takket vere ein stor innsats frå fleire eldkjelar. Sidan er samlinga vorte flytta, delt og fleire gjenstandar og informasjon har kome til. Dette betyr at samlinga i dag framstår noko usamanhengande og mangelfull.

Forslag til tiltak	Aktuelle samarbeidspartnarar	Kostnadar
Katalogisering og oppgradering av krigsminnesamling	Sogenemnd, frivillige, Romsdalsmuseet	Er ikkje berekna



## Gjeldande handlingsplan 2017-2020 – med status gjennomføring av tiltak

Nr.	Tiltak	Planlagt gjennomført	Kostnad	Ansvar	Samarbeidspartnerar	Status pr. 01.11.2018
7.1.1	Falkhytten krigsminne - opprusting, tursti og skilting	2016-2017	Kr 170.000,-	Kulturavd.	Fylkeskommune, frivillige, samkøyring når energibrønner til Aukra Omsorgsenter vert ferdigstilt	Ferdigstilt 2017
7.1.2	Kartlegging, registrering og oppdatering	2017-2020	Vert dekt over driftsramme til kulturavd.	Kulturavd.	Historielag og andre frivillige	2017-2020
7.1.3	Aukra fotoarkiv, oversikt, samle, utstilling	2017-2020	Ikkje berekna	Kulturavd.	Sogenemnd, folkebibliotek, næringsliv og frivillige	Arbeid starta
7.1.4	Arbeidet til motstandsmannen Sven Sømme	2017-2020	Ikkje berekna	Kulturavd.	Prosjektgruppe og andre frivillige	Ferdigstilt 2017
7.2.1	Istandsetting og skjøtsel på Kleivhaugen og Purkeneset	2017	Kr. 138.000,-	Kulturavd.	Grunneigarar, frivillige, historielag, fylkeskommune	Arbeid starta
7.2.2	Flytting av sjømine og oppsetting av infotavle i Røssøyvågen	2017-2018	Kr. 35.000,-	Kulturavd.	Aukra Jeger og Fiskerforening, frivillig	Utsett til 201
7.2.3	Formidlingsprosjekt med tema «Oppvekst»	2017	Kr. 40.000,-	Kulturavd. Biblioteket	Nasjonalbiblioteket, frivillige, sogenemnd og andre	Ferdigstilt 2017
7.2.4	Immateriell kystkultur; Lage og servere tradisjonsmat basert på dei gamle oppskriftene	2017-2020	Arbeidsinnsats	Kulturavd. Sogenemnd	Frivillige, historielag, sogenemnd, bygdekvinnelag, Norges Sildesalslag, Romsdalsmuseet	2019-2020
7.2.5	Horrem kvernhus	2018-2019	Kr. 165.000,-	Kulturavd.	Eigarar, Romsdalsmuseet, Frivillige	Arbeid starta
7.2.6	Månadens kulturminne	2017	Arbeidsinnsats	Kulturavd. Sogenemnd	Sogenemnd	2018-2020
7.2.7	Aukra Kulturhus, Pionerbusetjing Aktiv formidling	2017-2020	Vert sett i samanheng med prosjektkostn. og drift av huset	Kulturavd. i samarbeid med prosjektleiing	Prosjektorganisasjonen for kulturhuset, museum og arkiv, Fylkeskommunen, Riksantikvaren, Frivillige, sogenemnd	2017-2020
7.2.8	Aukra krigsminnesamling katalogisering og oppgradering	2018-2020	Ikkje berekna	Kulturavd.	Sogenemnd, frivillige, Romsdalsmuseet fylkeskommune	2018-2020
7.3.1	Gravhaugane i Julsundet – skilting	2018- 2020	Ikkje berekna	Kulturavd.	Fylkeskommunen, frivillige	2019-2020
7.3.2	Eidskremsetra – undersøke moglegheit for prosjekt	2018-2020	Ikkje berekna	Kulturavd.	Grunneigarar	2018-2020
7.3.3	Restaurere og bygge opp eit område som viser heilheit med notheng, nothus, naust med notbåt, samt oppslag som fortel heile historia om fiskeri som næringsveg. Innhente kunnskap og vurdere moglegheit for prosjekt	2019-2020	Ikkje berekna	Kulturavd.	Romsdalsmuseet, fylkeskommune, grunneigarar, frivillige, sogenemnd	2018-2020
7.3.4	Nytt skilt ved Roktamonumentet		Kr. 20.000,-		Fylkeskommune, velforeining	2019-2020



## **Vedtak i k-styre 13.12.2018, sak 90/18:**

Rullering av handlingsdelen av kulturminneplana 2017-2020 vert vedtatt med ei endring:

1. Nytt skilt ved Roktamonumentet vert tatt inn som nytt punkt 7.3.4.

Handlingsdelen vert neste gong rullert i samband med rullering av kulturminneplanen i 2020.

# **8 Oppsummering av kulturminneplanen**

## Kapittel 1

Aukra kommune har ei rik historie som strekk seg over 12 000 år. Det er spor av denne historia å finne over heile kommunen, både i fysisk forstand, men også av immateriell karakter. Desse spora utgjer historia vår og er viktige byggesteinar i vår identitet, stoltheit og vår kjensle av å høyre heime. Sjølv om spora er lokale er mange av dei også ein del av både den regionale og nasjonale historie. Vi har eit ansvar både når det gjeld ivaretaking og formidling.

Planen er eit verkty som skal sikre god kulturminneforvaltning i dag og for framtida.

Kapittel 1 til 6 skal rullerast kvart fjerde år, medan handlingsdelen, kapittel 7 skal rullerast årleg.

## Kapittel 2

Ein kulturminneplan er ikkje berre ei investering i framtida. Det er ei investering i innbyggjarane, i deira identitetsoppleving og lokale sjølvkjensle. Den legg òg tiltrette for vekst i næring, turisme og reiseliv.

Kulturminneplana forankrar kulturminneforvaltninga i kulturminnelova og sikrar ei fornuftig forvaltning av nyare tids kulturminner som ikkje har eit formalisert vern. Aukra Kommune vedtek målsetting for kulturminne og forvaltning:

### **Visjon:**

- Kunnskap om kulturmiljø og kulturminne skal bidra til identitet, oppleving og verdiskaping i kommunen.

### **Mål:**

- Bevare og dokumentere mangfaldet i kommunen si historie. Synleggjere, formidle og gjere tilgjengeleg kulturminne og kulturmiljø.
- Medverke til ei lokal samfunnsutvikling der vern og bruk samhandlar.

### **Delmål:**

- Aktiv bruk av kulturminnesok.no som formidlingsverktøy.
- Involvere barn og unge for å bevisstgjere dei om oppleving- og kunnskapsverdien av kulturminne.

- Samarbeid med grunneigarar og frivillige for å gjere historiske attraksjonar tilgjengeleg og attraktiv å besøke.
- Samarbeid med Øyriket i Romsdal og Stikk Ut for å formidle kulturminna som turmål.

Aukra kommune arbeider for å oppfylle Stortinget sitt nasjonale mål om å ta vare på eit representativt utval av kulturminne, samt redusere tapet av kulturminne og kulturmiljø. Dei to sentrale lovene er Kulturminnelova og Plan – og bygningslova (PBL).

Kulturminnelova skal sikre ivaretaking og vern av kulturminne og kulturmiljø på eit nasjonalt nivå. Lova gjeld automatisk freding, vedtaksfreding og midlertidig freding. Den skal utover vernekriteria vere ein rettleiar om vern og bruk av ressursar, samt i spørsmål knytt til utbygging og arealbruk.

Plan- og bygningslova (PBL) styrer arealplanlegginga som i hovudsak vert handheva og vedteken av kommunane. PBL er kommunen sitt viktigaste verktøy for å ta vare på kulturminne og omgjevnaden til kulturminna. Det skjer ofte gjennom regulering av omsynssone - bevaring.

Freding eller vedtak om vern gir avgrensa sikring om ivaretaking for eit kulturminne. Det viktigaste er at privat eigar av kulturminnet er positiv til å ta vare på kulturminnet for ettertida. For å stimulere grunneigar til ivaretaking av kulturminne av ulike typar er det viktig å gi råd om tilgjenge til offentleg økonomisk støtte.

Arbeidet med kulturminneplanen baserer seg på vedtak gjort av kommunestyret og forarbeid gjort av plangruppa som vart nedsett i 2013.

### Kapittel 3

*«Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til», Lov om kulturminne § 2.*

Vi skil mellom tre typar kulturminne:

Immaterielle kulturminne: Lokale tradisjonar, segn, eventyr, myter, matkultur, historier, stadnamn, musikk og handverkstradisjonar er eksempel på immaterielle kulturminne. På mange måtar kan dette seiast å vere den mest sårbare delen av kulturminnearven vår. Kunnskapen og historiene forsvinn i lag med menneska som har vakse opp med overlevert og tradisjonsboren kunnskap, om ein ikkje arbeider spesielt med innsamling og formidling av desse.

Materielle kulturminne: Bygningar, gravhaugar, bruer, vegsamband, buplassar og gjenstandar er døme på materielle kulturminne.

Kulturmiljø: Kulturmiljø er område der kulturminna er ein del av ein større heilskap, eller sett inn i ein samanheng. Kulturmiljø kan også vere av rein naturkarakter i form av biologiske kulturminne.

Det er skilnad mellom automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne:

Automatisk freda kulturminne er kulturminne som er freda direkte i lovteksten til kulturminnelova. §-4 i kulturminnelova står det: *«Ingen må – uten at det er lovlig etter § - 8 – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje».* Det gjeld spor etter menneskeleg aktivitet av ulike slag fram til

reformasjonen ( år 1537). I databasen Askeladden er det registrert 232 automatisk freda kulturminne frå Aukra kommune, frå før-reformatortisk tid.

Nyare tidskulturminne, alt etter reformasjonen, er det med andre ord i stor grad opp til kommunane sjølv å sørge for blir i varetatt på en god å forsvarlig måte for ettertida.

#### Kapittel 4

Oversikt over historiske særtrekk for Aukra kommune, frå steinalderen og fram til moderne tid.

#### Kapittel 5

Tematisk oversikt over kulturminne som kommunen skal ta vare på av både materiell og immateriell karakter. Dei to kapitla 4 og 5 kartlegg byggesteinane i Aukra si historie som er viktig å ta vare på for framtida. Dessa kapitla vil vere eit grunnlag når handlingsdelen skal rullerast, ved prioritering av nye tiltak.

#### Kapittel 6

For å sikra høg kvalitet på kulturminnearbeidet er det to aspekt som er spesielt viktige å ha med i alle prosjekta, samarbeid og formidling. Kapittel 6 gir ei oversikt over kva ein har å støtte seg på i arbeidet. Øyriket i Romsdal og Stikk-UT! kan medverke til å fremme Aukra med dei historiske attraksjonane som reisemål. Det er viktig å vere merksam på utviklinga av nye, digitale formidlingsmuligheiter. Samarbeid med Sogenemnda og dei frivillige kreftene i Aukra er spesielt viktig for å kunne gjennomføre og formidle tiltaka. Kapitlet gir også ei oversikt over aktuelle samarbeidspartnarar.

#### Kapittel 7

Handlingsplan 2017-2020 viser prioriterte tiltak for planperioden. Handlingsdelen skal rullerast årleg. Handlingsplana er delt opp i;

1. Prosjekt starta i 2016 men ikkje fullført og følger derfor inn i planperioden.
2. Prosjekt som vil strekke seg over heile perioden. Vidare vert prosjekt prioritert i dei åra dei skal starte opp.

I arbeidet med rullering etter fire år vil heile planen verte gjennomgått og oppdatert.

#### Kapittel 8

Innhaldet er ei oppsummering av kapitla 1-7.

## 9 Oversikt over bilde med forklaringar

- Side 1 Aukrasanden med Holmesund, Bilde tatt 1956. Widerøe Flyfoto.
- Side 4 Kaltø notlag på Julneskaia, Peder Kaltrø i notbåten. Givar: Mads Andreas Hjertvikstein.
- Side 5 Drosjebilen til Halvard Oterhals (ein av dei første på Gossen). Bilde tatt 1939. Givar: Alfred Raknes.
- Side 8 Iver Andreas Hoksnes, med harpe som han bygde sjølv. Iver var ein sær s flink snekkar, Huset hans var fint dekorert. Bilde tatt 1935. Givar: Arne Eikrem.
- Side 9 Naustet i Kaltrøa, vart reve i 1970. Givar: M.A. Hjertvikstein.
- Side 10 Musikklag på Rindarøya. På bildet: Alma Rindarøy, Klara Riksfjord, Marry Anne Bytingsvik, Hjørdis Bytingsvik, Elsa Nilsen Rindarøy. Givar: Klara Oterhals.
- Side 12 Gossen Ungdomslag. Bilde tatt omlag 1920. Givar: Arne Eikrem.
- Side 15 Landligge i Lofoten. Bilde tatt 1938. Givar: Alfred Raknes.
- Side 16 Astrid Julnes G. Småge og Karen Mordal G. Varhaugvik rakar høy i slottonna hos Knut Julnes på «Bakkå». Bilde tatt 1920. Givar: Mary Fanghol.
- Side 17 Solem Gamle Skule, bygd i 1863. Givar: Einar Rød.
- Side 18 Redningsforeninga «Freidig». Medlemmar f.v. Ingrid Søvik, Astrid Nerbøvik, Josefine Blomsnes, Inga Gule. 2. rekke f.v. Olava Solemdal, Sigrid Varhaugvik. 3. rekke f.v. ukjent, ukjent, Signe Hjerviken, Agnes Wantns. Bilde tatt 1944. Givar: Olava Marie Solemdal.
- Side 19 Banelosje Falkhytten med regalier. Huset i bakgrunnen er Framsteg, der dei hadde møta sine. Bilde tatt 1930. Givar: Ella Nerbøberg.
- Side 20 Eit kull med elvar ved Husmorskolen. Bilde tatt 1930-1935. Givar: Mary Fanghol.
- Side 22 Arbeid på Aukra Kval. f.v. Edvard Hesthol, Timann Sæter, Andreas Eikrem, Kåre Sporsheim, Andreas Sporsheim. Bilde tatt omlag 1937. Givar: Johan J. Eikrem.
- Side 23 Flyplassen på Gossen. Bilde tatt omlag 1945. Givar: Odd Holseth.
- Side 24 Olav Trødal med bukk og vogn, født 1922, døde april 1945 i Tyskland. Bilde tatt 1931. Givar: Odd Hole.
- Side 26 Tre prestebarn som pukkar blomar på påskeliljemarka. f.v. Maria Synøve, Synøve Maria og Steingrimm (sittande). Bilde tatt 1932. Givar: Mary Fanghol.
- Side 27 Bygging av Aukra Kval. Bilde tatt omlag 1926. Givar: Kjellaug Mordal.
- Side 28 Bilde tatt i samband med Gossen bygdekvinnelag si kjøkkenutstilling på Soltun i 2005. Givar: Gossen bygdekvinnelag.
- Side 31 Krigsminne på Klevhaugen. Bilde tatt 2015 av Aukra Kommune.
- Side 32 Overgrodd krigsminne på Klevhaugen. Bilde tatt 2015 av Aukra Kommune.
- Side 34 Sven Sømme. Kilde: [www.polperropress.co.uk](http://www.polperropress.co.uk)
- Side 35 Bilde av modell frå Røssøyvågen, utstilt i krigsminnesamlinga. Givar: Svein Rød.
- Side 36 Horrem Kvernhus. Bilde tatt 2015 av Aukra kommune.
- Side 38 Bilde frå utstilling i Aukra Krigsminnesamling.

## 10 Kjelder og litteratur

### Offentlege dokument:

Lov om kulturminner (kulturminneloven):

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>

Kommuneplan for Aukra kommune for perioden 2011-2020

Kulturplan for Aukra kommune for perioden 2013-2016

Plan for Kulturminnearbeidet i Aukra 2014-2016

### Artiklar:

Hoksnes, Gøran (2016). Røssøyvåg Motorverksted og Peder M. Hjertvik. I: *Aukra gjennom tidene*, 2016 s. 11-19

Julnes, Johan (1981). Frå fotoalbumet: Litt om losjane på Gossen. I: *Aukra gjennom tidene*, 1981, s. 34-41

Solbakken, Ingvald (1982). Solbakken konfeksjonsverksted. I: *Aukra gjennom tidene*, 1982, s. 53-57

Sundsbo, Ivar (1980). Frå skulesoga. I: *Aukra gjennom tidene*, 1980, s. 80-86

### Bøker:

Bjerk, Hein B. (2008). Ormen Lange Nyhamna, NTNU Vitenskapsmuseets arkeologiske undersøkelser

Breivik, Paul, red. (1993). *Okkupasjonsåra*. Aukra: Eige forlag

Drejer, Berit og Ringstad, Bjørn (2006) *Aukra Hval A/S: Det første industrieventyret på Nyhamna*. Molde: Morild forlag

Holme Jørn, red. (2005) *Kulturminnevern: Lov, forvaltning, håndhevelse: Bind. 1, 2. utg.* Oslo: Økokrim

Opstad, Kristian (1986). *Bygdeboka*. Elnesvågen: Møre forlag

Rød, Knut og Julnes, Johan, red. (1995). *Krigsår og fredsfeiring*. Aukra: Eige forlag

Rød, Knut, red. (2003). *Ord og bilde*. Aukra: Eige forlag

Solli, Gunnar (1931). *Møre landbrukselskap (Romsdals Amts Landhusholdningselskap) : 1831-1931*. Molde: E.K. Hansen

